



DET KONGELEGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

# **Ot.prp. nr. 40**

(2007–2008)

---

Om lov om endringer i opplæringslova og  
privatskolelova



# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	5	5.3.2	Synspunkta frå høringsinstansane .....	27
1.1	Hovudinnhaldet i proposisjonen .....	5	5.4	Vurderingar og forslag frå	
1.2	Høringa .....	5		departementet .....	28
<b>2</b>	<b>Forslag om utviding av retten til vidaregåande opplæring for vaksne</b> .....	8	<b>6</b>	<b>Forslag om å utvide mandatet til Foreldreutvalet for grunnskolen</b> ....	30
2.1	Bakgrunnen for lovforslaget .....	8	6.1	Bakgrunnen for lovforslaget .....	30
2.2	Gjeldande rett .....	8	6.2	Gjeldande rett .....	30
2.3	Høringa .....	8	6.3	Høringa .....	30
2.3.1	Høringsforslaget frå departementet ...	8	6.3.1	Høringsforslaget frå departementet ...	30
2.3.2	Synspunkta frå høringsinstansane .....	9	6.3.2	Synspunkta frå høringsinstansane .....	30
2.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	11	6.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	31
<b>3</b>	<b>Forslag om endra plassering av føresegna om tilpassa opplæring</b> ...	13	<b>7</b>	<b>Forslag om å utvide retten til teiknspråkopplæring i grunnskolen</b> .....	33
3.1	Bakgrunnen for lovforslaget .....	13	7.1	Bakgrunnen for lovforslaget .....	33
3.2	Gjeldande rett .....	13	7.2	Gjeldande rett .....	33
3.3	Høringa .....	13	7.3	Høringa .....	33
3.3.1	Høringsforslaget frå departementet ...	13	7.3.1	Høringsforslaget frå departementet ...	33
3.3.2	Synspunkta frå høringsinstansane .....	13	7.3.2	Synspunkta frå høringsinstansane .....	34
3.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	16	7.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	35
<b>4</b>	<b>Forslag om endringar i føresegnene om saksbehandlinga for spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp</b> .....	20	<b>8</b>	<b>Lovfesting av plikt for skoleeigaren til å gi elevar gratis frukt og grønnsaker</b> .....	37
4.1	Bakgrunnen for lovforslaget .....	20	8.1	Bakgrunnen for lovforslaget .....	37
4.2	Gjeldande rett .....	20	8.2	Gjeldande rett .....	37
4.3	Høringa .....	21	8.3	Høringa .....	37
4.3.1	Høringsforslaget frå departementet ...	21	8.3.1	Høringsforslaget frå departementet ...	37
4.3.2	Synspunkta frå høringsinstansane .....	21	8.3.2	Synspunkta frå høringsinstansane .....	38
4.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	24	8.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	40
<b>5</b>	<b>Forslag om å innføre rett til særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring</b> .....	26	<b>9</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar av lovforslaga</b> .....	42
5.1	Bakgrunnen for lovforslaget .....	26	<b>10</b>	<b>Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget</b> .....	44
5.2	Gjeldande rett .....	26	10.1	Endringar i opplæringslova .....	44
5.3	Høringa .....	27	10.2	Endringar i privatskolelova .....	46
5.3.1	Høringsforslaget frå departementet ...	27		<b>Forslag til lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova</b> .....	47





DET KONGELEGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 40

## (2007–2008)

### Om lov om endringer i opplæringslova og privatskolelova

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet av 14. mars 2008,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

## 1 Innleiing

### 1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Denne proposisjonen inneheld forslag om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) og i lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova).

Det blir foreslått følgjande endringar:

- utviding av retten til vidaregåande opplæring for vaksne (kapittel 2)
- endra plassering av føresegna om tilpassa opplæring (kapittel 3)
- innføring av rett til særskild språkopplæring for minoritetspråklege elevar i vidaregåande opplæring (kapittel 5)
- utviding av mandatet til Foreldreutvalet for grunnskolen (kapittel 6)
- utviding av retten til teiknspråkopplæring i grunnskolen (kapittel 7)
- lovfesting av plikt for skoleeigaren til å gi elevar gratis frukt og grønnsaker (kapittel 8)

Forslaga er i hovudsak ei oppfølging av tiltak varsla av regjeringa i St.meld. nr. 16 (2006–2007)... *og ingen sto igjen*. Bakgrunnen for forslaga blir nærmare utdjupa i omtalen av kvart enkelt av forslaga i proposisjonen.

Kapittel 4 drøftar forslaget om endringar i føresegnene om saksbehandling for spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp, som også var på høring. Forslaget blir ikkje fremja.

I lovforslaget er det også gjort nokre endringar av retts teknisk karakter som ikkje inneber realitetsendringar i gjeldande rett.

Departementet tek sikte på at lovendringane trer i kraft 1. august 2008, unnateke forslaget om utviding av mandatet for Foreldreutvalet for grunnskolen. Denne lovendringa tek departementet sikte på at skal tre i kraft 1. januar 2009.

### 1.2 Høringa

Høringsbrev vedlagt høringsnotat med forslag om lovendringar vart sendt ut 12. oktober 2007 med frist for fråsegner 10. desember 2007. Departementet har motteke 127 fråsegner frå høringsinstansar og 40 fråsegner frå privatpersonar.

Synspunkta frå høringsinstansane er nærmare omtalte i tilknytning til dei enkelte forslaga i proposisjonen.

Følgjande instansar har komme med realitetsfråsegner:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Oslo kommune
Barne- og likestillingsdepartementet	Porsgrunn kommune
Fiskeri- og kystdepartementet	Randaberg kommune
Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Ringerike kommune
Forsvarsdepartementet	Røyken kommune
Helse- og omsorgsdepartementet	Seljord kommune
Justis- og politidepartementet	Stavanger kommune
Kommunal- og regionaldepartementet	Stjørdal kommune
Kultur- og kirkedepartementet	Sortland kommune
Landbruks- og matdepartementet	Sørreisa kommune
Miljøverndepartementet	Tønsberg kommune
Nærings- og handelsdepartementet	Ullensaker kommune
Samferdselsdepartementet	Vefsn kommune
Utenriksdepartementet	Fylkesmannen i Aust-Agder
Akershus fylkeskommune	Fylkesmannen i Buskerud
Aust-Agder fylkeskommune	Fylkesmannen i Hordaland
Buskerud fylkeskommune	Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
Finnmark fylkeskommune	Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
Hedmark fylkeskommune	Fylkesmannen i Telemark
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkesmannen i Vest-Agder
Nordland fylkeskommune	Fylkesmannen i Østfold
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Aglo videregående skole
Oppland fylkeskommune	Arbeids- og velferdsdirektoratet – NAV
Rogaland fylkeskommune	Barneombudet
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Bredtvet kompetansesenter
Telemark fylkeskommune	Cerebral pareseforening
Troms fylkeskommune	Dysleksiforbundet
Vest-Agder fylkeskommune	Elevorganisasjonen
Vestfold fylkeskommune	Foreldreutvalget for grunnskolen
Østfold fylkeskommune	Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Alta kommune	Gjennestad videregående skole
Alvdal kommune	Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon – HSH
Asker kommune	Handikappede barns foreldreforening
Audnedal kommune	Høgskolen i Hedmark
Bergen kommune	Hørselshemmedes Landsforbund
Bærum kommune	International Society for Alternative and Augmentative Communication
Drammen kommune	Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene
Eidsberg kommune	Kostforum
Fredrikstad kommune	Kristne Friskolers Forbund
Frogn kommune	KS
Hammerfest kommune	Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
Hattfjelldal kommune	Landsorganisasjonen i Norge – LO
Klepp kommune	Likestillings- og diskrimineringsombudet
Kvalsund kommune	Møller Kompetansesenter
Levanger kommune	Nasjonalt råd for ernæring
Lindesnes kommune	Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring
Loppa kommune	Nettverk for tilpasset opplæring
Meråker kommune	Norges Døveforbund
Molde kommune	Norges Fukt- og Grønnsaksgrossisters Forbund
Moss kommune	Norges Handikapforbund
Nedre Eiker kommune	Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning
Nittedal kommune	
Nordkapp kommune	

Norsk Forbund for Utviklingshemmede	Skolenes Landsforbund
Norsk Lærarakademi Lærerhøgskolen	Statens råd for funksjonshemmede
Norsk Skolelederforbund	Universitetet i Bergen
Næringslivets Hovedorganisasjon – NHO	Universitetet i Oslo
Opplysningskontoret for frukt og grønnsaker	Universitetet i Tromsø
Oslo og Akershus fylkesavdeling av Cerebral Pareseforeningen	Universitetet i Bergen
Oslo Sanitetsforenings Hjelpepleierskole A/S	Utdanningsdirektoratet
PP-tjenesten Indre Østfold	Utdanningsforbundet
Prosjekt ASK ved Stavanger Universitetssjukehus	Utdanningsforbundet Oppland
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner	VOX
Samfunnsviternes fagforening for PPT i Oslo	Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund – YS
	Åkra ungdomsskole i Karmøy kommune

## 2 Forslag om utviding av retten til vidaregåande opplæring for vaksne

### 2.1 Bakgrunnen for lovforslaget

---

I Soria Moria-erklæringa heiter det:

«Regjeringen vil vurdere å fjerne aldersgrensen for rett til vidaregåande opplæring», og i St.meld. nr. 16 (2006–2007) heiter det m.a.: «Departementet vil foreslå å oppheve opplæringslovens bestemmelse om at bare vaksne født før 1978 har rett til vidaregåande opplæring, og innføre en aldersgrense på 25 år. Lovendringsforslaget fremmes våren 2008».

Unge fekk rett til vidaregåande opplæring gjennom Reform 94. Da denne retten vart innført i 1994, omfatta han alle unge fødte i og etter 1978 som ønskte vidaregåande opplæring. Vaksne hadde på det tidspunktet ingen lovfesta rett til vidaregåande opplæring, men fylkeskommunen hadde plikt til å tilby vidaregåande opplæring for vaksne. Frå 1. august 2000 vart det innført individuell rett til vidaregåande opplæring for vaksne med fullført grunnskole, dersom dei tidlegare ikkje hadde fullført slik opplæring.

Sjølv om både unge og mange vaksne i dag har rett til vidaregåande opplæring, står likevel ein del personar utan slik rett. Dette gjeld dei som er fødte i og etter 1978, og som ikkje har teke vidaregåande opplæring, eller som har falle frå undervegs. Det gjeld også innvandrarar som har komme til Noreg for seint til å kunne nytte ungdomsretten, og som er for unge til å nytte vaksenretten.

### 2.2 Gjeldande rett

---

Etter § 4A-3 første ledd i opplæringslova har vaksne fødte før 1978 med fullført grunnskole eller tilsvarende, men utan fullført vidaregåande opplæring, etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Dette er den såkalla vaksenretten. Opplæringa skal tilpassast behovet hos den enkelte, men vaksne som får opplæring etter opplæringslova § 4A-3, har ikkje rett til spesialundervisning. Vaksne som er tekne inn til vidaregåande opplæring, har rett til å fullføre opplæringsløpet, jf. opplæringslova § 4A-3 andre ledd. Dei har også rett til å få vurdert sin realkom-

petanse og få utferda kompetansebevis, jf. opplæringslova § 4A-3 femte ledd.

Ifølgje opplæringslova § 3-1 første ledd har unge som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Dette er den såkalla ungdomsretten. Etter søknad om omval blir ungdomsretten utvida med inntil eitt år, jf. opplæringslova § 3-1 fjerde ledd.

Ungdomsretten må i samsvar med opplæringslova § 3-1 tredje ledd normalt takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem år, eller seks år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift, og innan utgangen av det året den det gjeld, fyller 24 år.

### 2.3 Høringa

---

#### 2.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsnotatet vart det foreslått å oppheve gjeldande føresegn i opplæringslova § 4A-3 om rett til vidaregåande opplæring for dei som er fødte før 1978, og i staden innføre rett til vidaregåande opplæring for vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. På denne måten vil retten til vidaregåande opplæring bli utvida. Dei som ikkje gjer bruk av ungdomsretten – anten fordi dei ikkje er motiverte for vidaregåande opplæring direkte etter grunnskolen, eller fordi dei av ulike grunnar sluttar undervegs – får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Bakgrunnen for forslaget om at rett for vaksne til vidaregåande opplæring skal gjelde frå og med det året dei fyller 25 år, var at retten til vidaregåande opplæring for unge etter gjeldande rett må takast ut innan utgangen av det året dei fyller 24 år.

Det vart også foreslått å ta inn i lova ei føresegn om at unge med rett til vidaregåande opplæring etter ungdomsretten etter søknad kan få opplæring etter vaksenretten. Det vart foreslått at slik dispensasjon skal kunne givast av fylkeskommunen dersom «særlege grunnar» tilseier det. Eksempel på særlege grunnar kan vere alder eller at vedkommande er i arbeid og derfor har vanskar med å gjennomføre opplæring etter føresegnene i opplæ-

ringslova kapittel 3. Eit sentralt moment er om vedkommande har behov for eit meir tilpassa opplegg enn det som følgjer av opplæringslova § 3-1. Grunnivinga for forslaget er at det gjer seg gjeldande spesielle omsyn for unge som av ulike grunnar begynner i vidaregåande opplæring seinare enn det som er vanleg, eksempelvis i alderen 20–23 år.

I høringsnotatet vart det vist til at denne gruppa, i staden for å måtte følgje ordinær vidaregåande opplæring for unge, bør få tilbod om eit meir tilpassa opplegg, og at det derfor vil vere naturlegare at dei får rett til vidaregåande opplæring som for vaksne etter opplæringslova § 4A-3.

Det vart vist til at ein utvida vaksenrett kan medverke til at enkelte utset å skaffe seg vidaregåande opplæring, eller vel å avbryte vidaregåande opplæring, som unge. Departementet meinte likevel at dette momentet har mindre betydning enn den samfunnsmessige fordelten av at flest mogleg skaffar seg vidaregåande opplæring. For somme kan det dessutan vere tilhøve i ungdomstida, til dømes rusmiddelavhengnad, som gjer det vanskeleg å gjennomføre vidaregåande opplæring. Departementet meinte derfor at det er viktig at det blir lagt til rette for at den enkelte får ein ny sjanse. Samtidig vart det understreka at hovudregelen er at dei unge gjennomfører vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1, medan vaksne tek vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3.

På denne bakgrunn foreslo departementet at opplæringslova § 4A-3 første ledd andre punktum – som bestemmer at berre vaksne fødte før 1. januar 1978 har rett til vidaregåande opplæring – vart endra og erstatta med ei aldersgrense på 25 år. Samtidig vart det foreslått å ta inn eit nytt tredje punktum i opplæringslova § 4A-3 første ledd om at fylkeskommunen, dersom særlege grunnar tilseier det, etter søknad kan la unge med rett til vidaregåande opplæring etter ungdomsretten i opplæringslova § 3-1 få vidaregåande opplæring etter vaksenretten i opplæringslova § 4A-3 i staden.

#### *Økonomiske og administrative konsekvensar av høringsforslaget*

I høringsnotatet vart det vist til at fylkeskommunen per i dag også skal gi tilbod til søkjarar utan rett etter opplæringslova §§ 3-1 eller 4A-3, jf. opplæringslova § 13-3 andre ledd. Forslaget om å innføre rett til vidaregåande opplæring for vaksne frå og med det året dei fyller 25 år, vil føre til at talet på vaksne i gruppa med denne retten blir utvida. Dette vil sannsynlegvis føre til fleire vaksne i vidaregåande opplæring. Kor mange av dei nye vaksne elevane med denne retten som vil gjere bruk av vaksenretten frå

og med det året dei fyller 25 år, er likevel svært usikkert. Av dei som var 25 år i 2005, hadde i underkant av 22 pst. ikkje fullført vidaregåande opplæring. Mellom desse er det også personar som har påbegynt, men berre delvis fullført vidaregåande opplæring, og dessutan elevar som ikkje har bestått. Departementet la til grunn at i underkant av 2 pst., dvs. om lag 225 personar, vil nytte vaksenretten til vidaregåande opplæring.

Den gjennomsnittlege kostnaden per elev i vidaregåande opplæring var i 2006 om lag 110 000 kroner. Når vaksenretten trer i kraft frå og med det året dei fyller 25 år, vil den enkelte eleven ha opparbeidd realkompetanse. Mange vil sannsynlegvis også allereie ha teke større eller mindre delar av vidaregåande opplæring. I høringsnotatet vart det derfor anslått at opplæringa for nye vaksne elevar i gjennomsnitt vil koste halvparten av ein ungdomselev per år, altså om lag 55 000 kroner. Det vart anslått at opplæringa for dei fleste vil strekkje seg over 3–4 år. Departementet rekna vidare med at den foreslåtte lovendinga – på lengre sikt – vil føre til at mellom 800 og 1 000 fleire vaksne enn i dag vil vere i vidaregåande opplæring kvart år.

I høringsnotatet vart det vist til uvisse både når det gjeld omfanget av nye søkjarar og når det gjeld kostnadene ved opplæringa som følgjer av ei lovending. På bakgrunn av dei ovannemnde anslaga la departementet til grunn at lovendinga vil innebere ei meirutgift for fylkeskommunane på om lag 50 mill. kroner per år. Det vart vist til at det blir teke sikte på at lovendingane skal tre i kraft f.o.m. hausten 2008, og at det derfor i St.prp. nr. 1 (2007–2008) vart foreslått å løyve 21 mill. kroner til dette i 2008. Forslaget gjekk ut på å leggje midlane inn i rammetilskottet til fylkeskommunane, jf. kap. 572 post 60 på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet.

#### **2.3.2 Synspunkta frå høringsinstansane**

72 høringsinstansar har uttalt seg til forslaga, og av desse har 13 ikkje merknader. Alle dei 59 andre instansane som har konkrete kommentarar, støttar forslaget om å utvide retten til vidaregåande opplæring for vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Dette gjeld mellom andre 10 kommunar, Statens råd for funksjonshemmede, Landsorganisasjonen for hjerte- og lungesyke (LHL), Norsk senter for flerkulturell opplæring (NAFO), Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU), Utdanningsforbundet, Skolenes Landsforbund, Universitetet i Bergen, Norsk Forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning, Norsk Skolelederforbund, Handels- og

Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH), Landsorganisasjonen i Norge (LO), Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS), Dysleksiforbundet, VOX og KS.

*Oslo Sanitetsforenings Hjelpepleierskole* uttaler m.a.:

«I vår skole har vi hatt mange søkere fra nettopp gruppen som er født etter 1978, og som ikke har fullført videregående opplæring og ikke har praksis nok til å gå opp som privatist. Denne lovendringen er en ny sjanse for denne gruppen og vil nok føre til at flere velger å fullføre videregående opplæring.»

*Aust-Agder fylkeskommune* tilrår

«at voksne har rett til å få tilbud om videregående opplæring en gang. Voksne som sier nei til tilbud eller avbryter videregående opplæring, bør ikke ha rett til nytt tilbud på et senere tidspunkt. Ny søknad om videregående opplæring bør vurderes individuelt.»

Forslaget om at unge med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 etter søknad i staden kan få opplæring etter opplæringslova § 4A-3 når det ligg føre særlege grunnar, blir støtta av 58 instansar. Sør-Trøndelag fylkeskommune vil ikkje tilrå at unge med ungdomsrett etter ei spesiell grunngeving får vaksenrett, og peikar på at forslaget kan innebære ei uheldig samanblanding av rettar, og at det ikkje vil styrkje rettane til desse ungdommane.

*Fylkesmannen i Sør-Trøndelag* uttaler at

«forslaget kan ha både positive og negative konsekvenser. Forslaget vil klart bidra til større fleksibilitet, men vi ser en fare i at ungdommer her kan gjøre uheldige valg. Elevene har på flere måter sterkere rettigheter etter § 3-1 enn etter § 4A-3 (eks. rett til spesialundervisning og skyss), og det blir derfor viktig at ungdommer får inngående informasjon om hva som følger som konsekvens før de treffer et slikt valg.»

Akershus fylkeskommune ser positivt på forslaget, men etterlyser ei klargjering av kva status og rettar slike elevar får m.a. når det gjeld opplæringslova § 3-1 og føresegnene om rett til spesialundervisning.

Nokre få høringsinstansar har peika på at for å hindre ulik praksis, bør departementet gi nærmare retningslinjer om kva «særlege grunner» kan innebære. Sosial- og helsedirektoratet viser til at vurderinga av «særlege grunner» må knytast til formålet med retten, og at vurderingsterskelen ikkje må leggjast for høgt.

Av fylkeskommunane har 15 komme med fråsegner, og fleire presiserer at dei støttar forslaga på det vilkår at lovendringa blir følgd opp med økono-

miske overføringer som står i forhold til det reelle behovet (Sør-Trøndelag fylkeskommune, Nord-Trøndelag fylkeskommune, Vest-Agder fylkeskommune, Troms fylkeskommune, Telemark fylkeskommune).

Enkelte fylkeskommunar er ikkje samde med departementet når det gjeld kor mange som vil gjere bruk av retten, men er samde i at det er knytt uvisse til talet.

*Nord-Trøndelag fylkeskommune* uttaler:

«Med innføringen av en ordning der voksne på 25 år og eldre vil få rett til videregående opplæring, vil antallet voksne i videregående opplæring øke. Hvor mange dette gjelder, er usikkert, men beregningene som ligger til grunn for departementets antall på 225 er lite overbevisende. Her vil nok tallet ligge høyere, men her ber vi om at departementet vurderer økonomisk kompensasjon etter en prøveordning hvor en ut fra erfaringstall lager et mer permanent system.»

Hedmark fylkeskommune meiner også at anslaget på at i underkant av 2 pst. på landsbasis vil gjere bruk av retten, er svært lågt. Fylkeskommunen har allereie i dag 322 elever i denne aldersgruppa i vidaregåande opplæring, dei fleste i ordinære klassar, men også nokre i opplæring spesielt organisert for vaksne. Fylkeskommunen reknar med ein auke i talet på førespurnader, med bakgrunn i at det er mange instansar som jobbar aktivt med denne målgruppa, og fleire i felles prosjekt med NAV.

*Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH)* er

«overrasket over det lave estimatet når det gjelder omfanget av hvem som vil benytte seg av tilbudet og ber om at departementet parallelt med lovendringen også styrker arbeidet med å få flere voksne til å benytte seg av retten.»

Elevorganisasjonen har også peika på at vaksenretten må gjerast attraktiv for dei som enno ikkje har gjennomført vidaregåande opplæring.

Nokre få instansar meiner at rett til vidaregåande opplæring for vaksne også bør omfatte rett til spesialundervisning (Dysleksiforbundet, Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU), Akershus fylkeskommune).

Oppland fylkeskommune meiner at det i samband med endringa av lovføresegna om rett til vidaregåande opplæring for vaksne er behov for ei presisering av kva «fullført vidaregåande opplæring» inneber.

## 2.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til at forslaga i høringsnotatet har fått brei tilslutnad av høringsinstansane, og foreslår å endre opplæringslova § 4A-3 første ledd i samsvar med høringsutkastet. På bakgrunn av enkelte høringsfråsegner er det likevel behov for nokre utfyllande kommentarar.

Enkelte fylkeskommunar støttar forslaga på det vilkår at det blir gitt full økonomisk kompensasjon. Enkelte meiner at det anslaget departementet har gjort over talet på vaksne som vil gjere bruk av retten til vidaregåande opplæring, synest vere lågt, samtidig som det blir peika på at det er vanskeleg å berekne nøyaktig både elevtal og kostnader. Høringsfråsegnene stadfestar derfor departementet si vurdering av at det er vanskeleg å berekne kostnadene knytte til lovendringsforslaget, noko det også vart gitt uttrykk for i høringsnotatet.

Departementet viser til at utan denne lovendringa ville talet på vaksne med rett til vidaregåande opplæring – dvs. vaksne fødte før 1978 som ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare – ha blitt gradvis færre år for år, noko som ville ha medført at kostnadene til vidaregåande opplæring for denne gruppa ville ha blitt gradvis mindre for fylkeskommunane. Departementet viser vidare til at fylkeskommunane også i dag har lovfesta plikt til å gi tilbod om vidaregåande opplæring til vaksne utan rett, jf. opplæringslova § 13-3 andre ledd. Departementet kan elles ikkje sjå at det er komme fram nye moment i høringa som gir grunnlag for å endre det estimerte talet på vaksne som vil gjere bruk av retten til vidaregåande opplæring. Departementet legg derfor, også etter høringa, til grunn at lovendringa vil innebere ei samla meirutgift for fylkeskommunane på om lag 50 mill. kr. per år.

Departementet har merka seg at to fylkeskommunar meiner at det i samband med denne utvidinga av retten til vidaregåande opplæring for vaksne over 25 år også er behov for ei presisering av kva «fullført vidaregåande opplæring» i opplæringslova § 4A-3 inneber. Til dette vil departementet presisere at det med forslaget om å utvide retten til vidaregåande opplæring for vaksne ikkje er tanken å endre gjeldande rett med omsyn til kva det inneber å ha fullført vidaregåande opplæring. Departementet vil vise til at i samband med innføringa av rett til vidaregåande opplæring for vaksne – i 2000 – la departementet til grunn at dei som tidlegare har fullført vidaregåande opplæring, utan å ha bestått, ikkje har rett etter opplæringslova § 4A-3. Det vart likevel oppmoda om at dei fekk eit tilbod som gjorde at dei kunne oppnå studie- eller yrkeskompetanse,

jf. opplæringslova § 13-3 andre ledd som seier at «Fylkeskommunen skal gi tilbod til søkjarar utan rett etter § 3-1 eller § 4A-3.»

Ein fylkeskommune har også tilrådd at vaksne som seier nei til tilbod om vidaregåande opplæring, eller avbryt vidaregåande opplæring, ikkje bør ha rett til nytt tilbod på eit seinare tidspunkt. I samband med innføringa av rett til vidaregåande opplæring for vaksne uttalte departementet til dette spørsmålet:

«Opplæringen skal være i tråd med ønsket sluttkompetanse. Fylkeskommunen har ansvaret for at vaksne får veiledning i starten av et opplæringsløp. I passusen «opplæringa skal tilpassast behovet til den enkelte» ligger og et krav om at målene for opplæringen må harmonere med muligheter den vaksne har til å kunne gjennomføre opplæringsløpet. Dersom den vaksne etter veiledning og tilpasning av opplæringen likevel ikke klarer å fullføre, og den vaksne selv i vesentlig grad kan lastes for dette, har fylkeskommunen oppfylt sin plikt.»

Utover det ovannemnde går ikkje departementet her nærmare inn på korleis retten til vidaregåande opplæring for vaksne skal forståast. Det visast til at departementet i januar 2008 gav Utdanningsdirektoratet i oppdrag å sørgje for å gi fylkeskommunane, fylkesmennene m.m. nødvendig rettleiing om forståinga av gjeldande regelverk om retten til vidaregåande opplæring for vaksne, noko som mellom anna også vil omfatte opplæringslova § 4A-3.

Departementet har merka seg at nokre få instansar uttaler at retten til vidaregåande opplæring bør omfatte spesialundervisning. Til dette vil departementet understreke at forslaget som vart sendt på høring ikkje gjeld innføring av rett til spesialundervisning.

I høringsnotatet vart det foreslått at unge med rett til vidaregåande opplæring etter ungdomsretten i opplæringslova § 3-1 etter søknad i staden kan få vidaregåande opplæring etter vaksenretten i opplæringslova § 4A-3, når det ligg føre særlege grunnar. Nokre få høringsinstansar meiner departementet bør presisere nærmare kva som ligg i uttrykket «særlege grunnar». Til dette vil departementet peike på at det i høringsnotatet vart gitt eksempel som alderen til den det gjeld, at vedkommande er i arbeid og derfor har vanskeleg for å gjennomføre opplæring etter ungdomsretten i opplæringslova § 3-1, eller at vedkommande søkjar av andre årsaker har behov for eit meir tilpassa opplegg enn det som følgjer av ungdomsretten.

Departementet legg til grunn at det kan vere svært ulike årsaker til at ein ungdom ser det som meir formålstenleg å ta vidaregåande opplæring et-

ter vaksenretten i opplæringslova § 4A-3 enn etter ungdomsretten i opplæringslova § 3-1, og at dette i kvart enkelt tilfelle må vurderast konkret på bakgrunn av den situasjonen søkjaren står i. For ungdom mellom 20 og 24 år og andre vaksne som er utanfor arbeidsmarknaden og manglar avslutta kompetansegivande opplæring på vidaregåande nivå, vil til dømes opplæring etter vaksenretten i opplæringslova § 4A-3 kunne vere lettare å kombinere med arbeidspraksis, tett oppfølging og andre tenester gjennom NAV, enn etter opplæringslova § 3-1. Det å gi unge i ein slik situasjon rett etter vaksenretten i opplæringslova § 4A-3 i staden for etter ungdomsretten i opplæringslova § 3-1, vil elles vere i samsvar med sentralt inngått samarbeidsavtale mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og KS. Målet med avtalen er å intensivere samarbeidet på utdanningsområdet gjennom betre samordna bruk av verkemiddel mellom NAV og utdanningsstyresmaktene regionalt og lokalt.

Unge som etter søknad får tilbod om å ta vidaregåande opplæring etter vaksenretten i opplæringslova § 4A-3, og som tek imot eit slikt tilbod, vel å få

retten til vidaregåande opplæring etter dei uttømmande føresegnene som gjeld for vidaregåande opplæring for vaksne. Det betyr mellom anna at vedkommande ikkje får rett til spesialundervisning eller skyss etter opplæringslova. Departementet vil understreke at det er viktig at dei unge får korrekt informasjon om konsekvensane før dei gjer eit slikt val. I høringsnotatet vart det presisert at hovudregelen er at dei unge gjennomfører vidaregåande opplæring etter ungdomsretten i opplæringslova § 3-1, medan vaksne tek vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3.

Forslaget om at unge med rett til vidaregåande opplæring etter ungdomsretten etter søknad kan få opplæring etter vaksenretten, var i høringsnotatet foreslått plassert i opplæringslova § 4A-3. Departementet har komme til at føresegna rettsteknisk bør plasserast i føresegna om rett til vidaregåande opplæring for ungdom, og foreslår eit nytt tiande ledd i opplæringslova § 3-1 i samsvar med dette.

Departementet viser elles til lovforslaget og merknadene til føresegnene i kapittel 10.

## 3 Forslag om endra plassering av føresegna om tilpassa opplæring

### 3.1 Bakgrunnen for lovforslaget

NOU 2007: 6 *Formål for framtida, Formål for barnehagen og opplæringen* (Bostadutvalet) har hausten 2007 vore til offentleg høring. I utgreiinga er det foreslått ei ny formålsføresegn for grunnopplæringa utan formuleringa av prinsippet om tilpassa opplæring slik den gjeldande formålsføresegna i opplæringslova inneheld, jf. opplæringslova § 1-2 femte ledd. Utvalet legg til grunn at tilpassa opplæring som prinsipp er like viktig som før, men uttaler at det tek omsyn til signal om at prinsippet skal omtalast særskilt i opplæringslova og ikkje som del av formålet. Utvalet viser til at Kunnskapsdepartementet i St.meld. nr. 16 (2006–2007) uttaler at *«for å bidra til å tydeliggjøre prinsippet om tilpasset opplæring vil departementet i forbindelse med revisjonen av formålsparagrafen i opplæringsloven gjennomgå prinsippet om tilpasset opplæring og vurdere om det bør omtales særskilt og ikke som del av lovens formålsparagraf»*. På denne bakgrunn vurderer ikkje utvalet i NOU 2007: 6 den nærmare plasseringa av prinsippet om tilpassa opplæring i opplæringslova. I samsvar med tiltaket, varsla i St.meld. nr. 16 (2006–2007), har forslaget til alternativ plassering av prinsippet vore på offentleg høring saman med dei andre forslaga til lovendringar som er omtalte i denne proposisjonen.

### 3.2 Gjeldande rett

Femte ledd i gjeldande formålsføresegn i opplæringslova § 1-2 lyder:

«Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære-kandidaten.»

Dette uttrykkjer prinsippet om tilpassa opplæring. Prinsippet gjeld for alle som får grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring i skole og bedrift. Det inneber at innanfor ramma av dei ressursane som i kvart tilfelle er stilt til disposisjon, har skolen plikt til å sørge for at opplæringa blir lagt til rette etter den enkelte eleven, lærlingen og lære-kandidaten sine evner og føresetnader. Dette inne-

ber også at organiseringa av skolen, bruken av pedagogiske metodar og progresjonen i opplæringa skal vere tilpassa dei individuelle evnene og føresetnadene hjå elevane, lærlingane og lære-kandidatane.

### 3.3 Høringa

#### 3.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsnotatet vart det foreslått at kapittel 5 i opplæringslova om spesialundervisning blir endra til eit kapittel som omfattar både tilpassa opplæring for alle og spesialundervisning for den enkelte. Forslaget omfatta på denne bakgrunnen både ei endring i kapitteleverskrifta, slik at ho nemnde både tilpassa opplæring og spesialundervisning, og ei flytting av § 1-2 femte ledd til § 5-1 i opplæringslova. Den noverande § 5-1 i opplæringslova om spesialundervisning vart foreslått flytta til § 5-2, som i dag ikkje er i bruk. Dei etterfølgjande føresegnene i opplæringslova kapittel 5 vil etter forslaget ha same paragrafnummerering som før.

I høringsnotatet vart det presisert at forslaget berre er ei retts teknisk flytting av prinsippet om tilpassa opplæring, og ikkje inneber noka realitetsendring i gjeldande rett.

Som følgje av forslaget om å innarbeide prinsippet om tilpassa opplæring i opplæringslova kapittel 5, vart det i høringsnotatet foreslått å endre tilvisingane andre stader i lova. Dette gjeld opplæringslova § 2-12 (om private grunnskolar som ikkje har rett til statstilskott), § 4-2 (om særlege rettar for lærlingen og lære-kandidaten) og § 4A-2 (spesialundervisning for vaksne på grunnskolen område).

#### 3.3.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Det er 81 høringsinstansar som har uttalt seg om forslaget. 35 instansar støttar forslaget utan å kommentere det nærmare. 6 høringsinstansar støttar forslaget på bestemte vilkår eller med særskilde kommentarar. 40 høringsinstansar går imot forslaget.

Dei høringsinstansane som støttar forslaget utan å kommentere det nærmare, er Justisdeparte-

mentet, Helse- og omsorgsdepartementet, Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Fylkesmannen i Vest-Agder, 6 fylkeskommunar, 19 kommunar, Norsk Skolelederforbund, Utdanningsforbundet Oppland, Universitetet i Oslo, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke (LHL), Kristne Friskolers Forbund (KFF) og Aglo videregående skole .

2 fylkesmenn, 1 fylkeskommune, 2 kommunar og Norsk Forbund for Utviklingshemmede støttar forslaget på bestemte vilkår.

Somme av dei støttar forslaget på det vilkår at det følgjer med statlege midlar.

Andre støttar forslaget og vil at det blir gjort presiseringar i lovtekst eller førearbeid. *Fylkesmannen i Østfold* uttaler:

«Fylkesmannen støtter forslaget om at kapittel 5 i opplæringsloven om spesialundervisning blir gjort om til et kapittel som både omfatter tilpasset opplæring og spesialundervisning, idet tilpasset opplæring og spesialundervisning hører tematisk nært sammen. I den forbindelse ser vi gjerne at forarbeidene til lovendringen klart sier noe om forholdet mellom tilpasset opplæring og spesialundervisning, herunder at spesialundervisning er en form for tilpasset opplæring, men at ikke all tilpasset opplæring er spesialundervisning.

Høringsnotatet sier at flyttingen av innholdet i § 1-2 ikke medfører noen realitetsendring. Vi vil likevel bemerke at forslaget til § 5-1 får en overskrift som eksisterende § 1-2 ikke har, og at denne overskriften presiserer et viktig poeng med tilpasset opplæring, nemlig at den er for alle.»

Dei høringsinstansane som går imot forslaget om plassering i opplæringslova kapittel 5, og grunngir dette nærmare, er m.a. Utdanningsdirektoratet, Barneombudet, Fylkesmannen i Aust-Agder, Fylkesmannen i Buskerud, Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Fylkesmannen i Telemark, 5 fylkeskommunar, 11 kommunar, KS, Elevorganisasjonen, Utdanningsforbundet, Skolenes landsforbund, Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG), Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Norges Handikapforbund, Norsk Lærerkademi Lærerrhøgskolen, Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring, Nettverk for tilpasset opplæring, Møller kompetansesenter, Samfunnsviternes fagforening for PPT i Oslo, Cerebral Pareseforeningen, Høgskolen i Hedmark, Handikappede barns foreldreforening og Åkra ungdomsskole i Karmøy kommune.

Mange av desse instansane seier seg usamde i høringsforslaget med tilvising til at prinsippet om tilpassa opplæring gjeld alle elevar, er overordna og grunnleggjande for all opplæring, og derfor ikkje

bør lovfestast saman med retten til spesialundervisning. Somme viser til at dersom prinsippet om tilpassa opplæring blir heimla i ny § 5-1 i opplæringslova, vil det vere fare for at prinsippet blir oppfatta som gjeldande først og fremst for elevar som ikkje meistrar dei ordinære krava i skolen. Ifølgje desse instansane kan forslaget gi assosiasjonar om at dette er eit prinsipp som primært gjeld dei som får spesialundervisning, og ikkje det store fleirtalet av elevar som berre treng tilpassing av den ordinære opplæringa. Det blir vist til at forslaget på denne bakgrunn vil ramme m.a. ressurssterke elevar som har behov for tilpassa opplæring i form av auka faglege utfordringar.

Somme høringsinstansar uttaler at flytting av prinsippet til opplæringslova kapittel 5 kan føre til at den ordinære undervisninga for alle blir mindre tilpassa, og at dette kan auke behovet for spesialundervisning. Andre meiner forslaget kan medføre at elevar med betydelege lærevanskar får ei tilpassa opplæring, der dei blir utsette for krav som følgjer av dei vanlege læreplanane i staden for spesialundervisning med individuelle læringsmål, og på den måten vil få redusert det høvet til meistring av grunnopplæringa som dagens regelverk legg til rette for. Enkelte hevdar at å flytte prinsippet i tråd med forslaget vil innebere ei grunnleggjande endring i norsk skolelovgiving, og noko langt meir enn ei lovteknisk justering.

Det er eit gjennomgåande syn hjå dei høringsinstansane som går imot høringsforslaget, at tilpassa opplæring og spesialundervisning bør haldast klart skilde i opplæringslova. Standpunktet blir grunnlagt med at det i dag er ei utbreidd oppfatning innanfor skolesektoren at «tilpasset opplæring» er ei anna nemning for «spesialundervisning» som støtte til elevar med spesielle behov. Det blir hevda at forslaget om å plassere prinsippet om tilpassa opplæring i same kapittel i opplæringslova som føresegnene om spesialundervisning kan sementere denne oppfatninga. Faren for ei slik tolking av omgrepet *tilpassa opplæring* hjå ulike grupper i skolesektoren blir av enkelte høringsinstansar trekt fram som eit hinder for at prinsippet om tilpassa opplæring framleis skal gjelde alle elevar, både sterke og svake.

*Elevorganisasjonen* seier dette i høringsfråsegna:

«Elevorganisasjonen støtter ikkje forslaget om å flytte tilpassa opplæring under spesialundervisning. Tilpassa opplæring er eit viktig verkty for alle elevar, lærlingar og lære kandidatlar for å gi dei ei best mogleg opplæring og eit best mogleg læringsutbytte. I tillegg er tilpassa opplæring ein viktig motivasjonsfaktor som sett fokus på

den enkelte elev, lærlingen eller lærekandidaten sine føresetnader, ynskjer og behov.

Tilpassa opplæring skal vere ein naturleg del av opplæringa, noko som er viktig for at elevar både skal lære dei grunnleggjande ferdighetene og tileigne seg så mykje kunnskap som eleven har føresetnader for. Internasjonale undersøkingar som PISA og PIRLS viser at vi frontar mange store utfordringar. I arbeidet med desse utfordringane er det viktig at skulen satsar på tilpassa opplæring som eit viktig verktoy. Ved å plassere tilpassa opplæring saman med spesialundervisning vil statusen til tilpassa opplæring som eit læringsverktøy for alle elevar svekkast. [...]

*Nettverk for tilpassa opplæring*, eit kompetansenettverk i universitets- og høgskolesystemet som er etablert av Utdanningsdirektoratet som ledd i direktoratet sin kompetanseutviklingsstrategi, seier:

«Tilpasset opplæring skal innenfor gitte rammer gjelde all opplæring, ikke bare spesialundervisning. (...) Tilpasset opplæring er et overordnet virkemiddel i skolen, og dette bør gi begrepet en mer fremtredende plass enn forslaget åpner for. Faren er at forslaget svekker betydningen og verdien av begrepet.

Å knytte tilpasset opplæring nært opp til bare spesialundervisning er med på å understreke et individuelt fokus også for tilpasset opplæring. Det er uheldig, fordi mye av den tilpassete opplæringen faktisk skjer i forhold til elevkollektivet, og ikke som spesialiserte opplegg for enkeltelever. (...)

Selv om det er lovens bokstav som gjelder når loven skal tolkes, legger vi likevel vekt på den kommunikative funksjonen i formuleringene. Ved å koble tilpasset opplæring og spesialundervisning forsterkes en forståelse av at det dreier seg om en relasjon mellom relativt likestilte begreper, og at tilpasset opplæring er det samme som, eller noe nært beslektet med spesialundervisning. Det er en tendens som faktisk vil fungere mot lovens hensikt, og mot Kunnskapsløftets intensjon om å løfte fram tilpasset opplæring for alle.»

Mellom høringsinstansane er det 15 som meiner at prinsippet om tilpassa opplæring bør stå anten i formålsføresegna eller i ei anna, særskild føresegn i opplæringslova. Av desse peikar 9 instansar på formålsføresegna som einaste alternativ. Det er to fylkeskommunar, ein kommune, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Statens råd for funksjonshemmede, Norges Handikapforbund, Dysleksiforbundet, Foreldreutvalet for grunnskolen og Høgskolen i Hedmark. Det kan også nemnast at det i dei høringsmøta som vart haldne i samband med den separate høringa av ny formålsføresegn,

var høringsinstansar som argumenterte for å la prinsippet om tilpassa opplæring bli ståande i formålsføresegna i opplæringslova.

*Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)* seier:

«FFO mener at bestemmelsen om at opplæringen skal tilpasses evnene og forutsetningene til den enkelte elev, lærling og lærekandidat, er så viktig at den må omtales i formålkapitlet. Bestemmelsen fastsetter et generelt mål for opplæringen, og er ingen individuell rett for den enkelte elev. Derimot er den å regne som en plikt for skoleeier, skolens ledelse, skolens personale og lærebedriften til å arbeide for best mulig tilpassing av opplæringen til den enkeltes evner og forutsetninger.»

Fleire høringsinstansar har synspunkt på plasseringa av føresegna om tilpassa opplæring i ei eiga, særskild føresegn i opplæringslova. Dette gjeld Fylkesmannen i Aust-Agder, Fylkesmannen i Buskerud, Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Fylkesmannen i Telemark, 4 fylkeskommunar, 7 kommunar, Barneombudet, Utdanningsforbundet, Skolenes Landsforbund, Nasjonalt senter for flerkulturell læring og Norsk Lærerakademi Lærarhøgskolen.

Felles for alle høringsinstansane i denne gruppa er at dei grunngir det å plassere prinsippet i ei særskild føresegn i opplæringslova utanfor formålsføresegna, med at det er svært viktig at føresegna kjem klart fram som overordna og grunnleggjande prinsipp for all opplæring for alle elevar, lærlingar og lærekandidatar.

Det er eit fleirtal i denne gruppa som ønskjer prinsippet plassert i opplæringslova kapittel 1. Enkelte ønskjer det plassert i opplæringslova kapitla 2 og 3, og viser til at prinsippet samtidig må vurderast omtalt i kapittel 4 i lova. I tillegg er det 2 høringsinstansar som foreslår plassering i kapittel 8 i opplæringslova, og 1 instans som meiner at prinsippet bør stå i opplæringslova kapittel 13.

*Nord-Trøndelag fylkeskommune* uttaler:

«Tilpasset opplæring må sikres en tydelig plassering i lovverket, enten som eget hovedpunkt, eller på et overordnet nivå.»

*Utdanningsforbundet* seier :

«Utdanningsforbundet støtter at lovfestinga av prinsippet om tilpassa opplæring legges inn i en egen paragraf. Den nye paragrafen må legges inn i kapittel 1 i lova, der tilpassa opplæring er lovfestet i dag. Vi mener det er å gå i feil retning å knytte tilpassa opplæring så sterkt til retten til spesialundervisning, som er en individuell rett etter enkeltvedtak.

Tilpassa opplæring er et grunnleggende prinsipp for all opplæring i skolen. Begrepet ligger i skjæringspunktet mellom individ og fellesskap. Tilpassa opplæring skal fremme den enkelte og fellesskapets læring. Utdanningsforbundet har støttet omtalen av tilpassa opplæring i St. meld. nr. 16 (2006–2007) ... og ingen stod igjen. Vi oppfatter meldinga som en justering av kursen i Kunnskapsløftet for å få til en bedre balanse mellom individualisering og fellesskap i opplæringa. Kunnskapsløftet har i relasjon til prinsippet tilpassa opplæring hittil i for stor grad vært opptatt av det individuelle på bekostning av fellesskapet.»

*Fylkesmannen i Telemark* uttaler:

«I høringen om ny formålsparagraf for grunnopplæringen hevdes det at formulering om prinsippet om tilpasset opplæring, jf. 1-2 femte ledd, hører mer naturlig hjemme et annet sted i loven. Forslaget om å legge det inn i kapittel 5 bør etter Fylkesmannen i Telemarks oppfatning vurderes nøye.

Det viser seg dessverre at kommunene ikke i tilstrekkelig grad har samordnet forståelsen av tilpasset opplæring som et grunnleggende element og en generell rett, jf. resultatet av Nasjonalt tilsyn 2007 om nettopp dette temaet.

Det er etter vår kjennskap en utbredt oppfatning at spesialundervisning er synonymt med tilpasset opplæring. Tilpasset opplæring som generelt prinsipp viser det seg altså at skoler ikke har en ensartet oppfatning om. Ved å legge formålet om tilpasset opplæring for alle inn i et rettighetskapittel som kap. 5, frykter Fylkesmannen i Telemark at det vil bidra til en enda større forvirring rundt begrepene tilpasset opplæring og spesialundervisning. Skolene hevder nettopp at «vi trenger ikke noe enkeltvedtak her, for eleven får jo tilpasset opplæring». Resultatet er de mange gråsoneelevne som Riksrevisjonen viser til i sin rapport fra juni 2006, elever som rektorene selv hevder ikke får den opplæringen de har rett på. (...)

Hvis man derimot plasserer utsagnet om tilpasset opplæring i et rettighetskapittel, vil det kunne mistolkes dit hen, at tilpasset opplæring bare er for dem som trenger noe ekstra. Denne misforståelsen er som tidligere nevnt allerede utbredt. Det er viktig at det kommer tydelig fram i loven at alle skal ha tilpasset opplæring, og at det er et bærende prinsipp uavhengig av behov for spesialundervisning eller ikke.

KD sier på side 4 i høringsutkastet at spesialundervisning også er en form for tilpasset opplæring, men ikke all tilpasset opplæring er spesialundervisning. Nettopp derfor er det viktig å skille dette fra hverandre i loven.»

*Hammerfest kommune* seier:

«Vi støtter forslaget om at opplæringsloven skal ha en egen bestemmelse om tilpasset opplæring. Høringsforslaget framstilles kun som et redaksjonsmessig grep. Vi er usikre på om dette er en tilstrekkelig forståelse. Vi vurderer det slik at kravet om tilpasset opplæring slik dette er formulert i dagens lov i § 1-2, bør stå fram som et overordnet perspektiv for all virksomhet som dekkes av loven. Opplæringsloven har flere bestemmelser som inneholder krav om innhold og organisering av opplæring – se her lovens kap 2. Vi mener at en bestemmelse om tilpasset opplæring bør plasseres innenfor denne delen av loven. En innplassering i dagens kap. 5 vil kunne føre til en for sterk kobling mellom tilpasset opplæring og spesialundervisning. Dette er ikke ønskelig fordi det kan føre til en for snever forståelse av begrepet tilpasset opplæring. Vi mener at dette prinsippet skal gjelde for alle elever – også skolefaglig sterke elever – og vi er redd at en innplassering i kap 5 vil føre til en for snever tolkning av begrepet.»

*Fylkesmannen i Buskerud* uttaler m.a.:

«Fylkesmannen støtter ikke forslaget om å plassere bestemmelsen om rett til tilpasset opplæring i kap. 5 om spesialundervisning. Tilpasset opplæring er en rettighet for alle elever og en plassering i kap. 5 kan fort lede til en forståelse om at tilpasset opplæring er lik som spesialundervisning. Bestemmelsen hører derfor etter vår vurdering hjemme for eksempel i § 2-1 om rett og plikt til grunnskoleopplæring eller § 8-2 om organisering av elevene i grupper.»

### 3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

I dag er prinsippet om tilpassa opplæring nedfelt i formålsføresegna i opplæringslova, jf. § 1-2 femte ledd. Bostadutvalet har vurdert gjeldande formålsføresegner for barnehagen og for grunnopplæringa, og la 9. juni 2007 fram rapporten, NOU 2007:6 *Formål for framtida, Formål for barnehagen og opplæringa*, med forslag til endringer i gjeldande formålsføresegner. Utgreiinga, med forslaga frå utvalet til nye formålsføresegner for barnehagen og opplæringa, har vore til offentleg høring med frist for fråsegn 1. november 2007. I løpet av våren 2008 vil departementet i eigen proposisjon komme tilbake med lovforslag om ny formålsføresegn for opplæringa.

I forslaget frå Bostadutvalet til ny formålsføresegn for opplæringa er prinsippet om tilpassa opplæring ikkje teke med. I utgreiinga legg utvalet til

grunn at tilpassa opplæring som prinsipp er like viktig som før, men at utvalet tek omsyn til signal om at prinsippet skal omtalast særskilt i opplæringslova og ikkje som del av formålet. Konkret viser utvalet til det arbeidet som er varsla i St.meld. nr. 16 (2006–2007). Der står det om dette at for å bidra til å tydeliggjøre prinsippet om tilpasset opplæring vil departementet i forbindelse med revisjonane av formålsparagrafen i opplæringsloven gjennomgå prinsippet om tilpasset opplæring og vurdere om det bør omtalast særskilt og ikkje som del av lovens formålsparagraf. Departementet varsla også ei nærmare vurdering av dagens lovforankring av plikten til å gi tilpassa opplæring i samband med ei eventuell endring av formålsføreseigna i opplæringslova.

Denne fråsegna i stortingsmeldinga utelukkar likevel ikkje at prinsippet kan takast inn i ei ny formålsføresegn i opplæringslova. Ved ulike høve har det også vore vurdert å sjå nærmare på innhaldet i prinsippet om tilpassa opplæring, og om det skal gjerast endringar i dette. Enkelte høringsinstansar har vore inne på dette. Det er derimot ikkje tema i denne proposisjonen. Her blir berre forslaget om å endre plasseringa av føreseigna som lovfestar prinsippet om tilpasset opplæring vurdert, dvs. ei retts-teknisk flytting av prinsippet utan endring av innhaldet.

Forslaget frå departementet, som har vore på offentleg høring, er å flytte prinsippet om tilpassa opplæring frå opplæringslovas formålsføresegn til kapittel 5 i lova, slik at dette blir eit felles kapittel om tilpassa opplæring for alle og om spesialundervisning for den enkelte. Eit alternativ er å la prinsippet bli ståande i ei endra formålsføresegn i lova, eventuelt å flytte prinsippet til ei anna lovføresegn. Aktuelle stader som er nemnde av ulike høringsinstansar, er opplæringslova kapitla 1, 2, 3, 4, 8 og 13, eventuelt i fleire av dei.

Alternativa vil i det følgjande bli drøfta fortløpande.

#### *Prinsippet om tilpassa opplæring plassert i opplæringslova kapittel 5*

Forslaget frå departementet om å flytte prinsippet om tilpassa opplæring til opplæringslova kapittel 5 har i høringa møtt lite støtte. Ein stor del av høringsinstansane har framheva at prinsippet om tilpassa opplæring er overordna, gjeld all grunnopplæring og alle elevar. Opplæringslova kapittel 5, derimot, handlar om retten til spesialundervisning, som er ein individuell rett for den enkelte som ikkje får tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Omgrepa spesialundervisning og tilpassa

opplæring blir i praksis blanda saman innafor grunnopplæringa. Mange av høringsinstansane meiner at dette problemet vil auke i utstrekning dersom lovføreseigna om tilpassa opplæring blir teken inn i same kapittel i opplæringslova som føresegnene om spesialundervisning.

Somme høringsinstansar har lagt lita eller inga vekt på at prinsippet om tilpassa opplæring i høringa ikkje blir foreslått flytta til opplæringslova kapittel 5 om spesialundervisning, men til eit *felles* kapittel 5 i lova om tilpassa opplæring *for alle* og spesialundervisning. Departementet understrekar at høringsforslaget sontrar klart mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning. Prinsippet om tilpassa opplæring for alle vart av den grunn foreslått teke inn i opplæringslova § 5-1, medan føresegnene elles i kapittel 5 etter forslaget vil gjelde spesialundervisning spesielt. I forslaget går sondringa fram både av formuleringa av lovteksten og av kapitteloverskrifta. Prinsippet om tilpassa opplæring gir uttrykk for ei plikt for kommunane og fylkeskommunane, men gir ingen individuell rett til den enkelte. Dersom det gjennom ordinær opplæring ikkje blir oppnådd tilfredsstillande utbytte av opplæringa for den enkelte eleven/lærekandidaten, har den det gjeld, rett til å få opplæringa tilpassa i form av særskilde tiltak med heimel i føreseigna om spesialundervisning. Denne individuelle retten må fastsetjast i eit enkeltvedtak. Til eit slikt vedtak er det knytt rett til å klage. Departementet understrekar at høringsforslaget ikkje tek sikte på materielle endringar, verken i innhaldet i lovføreseigna om tilpassa opplæring eller i lovføresegnene om spesialundervisning.

Gjennom plasseringa av prinsippet om tilpassa opplæring i formålsføreseigna i opplæringslova har det prinsippet føreseigna uttrykkjer, vore sett på som ei målsetjing. Det bør også understrekast at prinsippet like mykje er eit verkemiddel i opplæringa som skoleeigarane har plikt til å leggje til grunn i all opplæring og for alle elevar, læringar og lærekandidatar.

#### *Prinsippet om tilpassa opplæring plassert i formålsføreseigna i opplæringslova*

Eit alternativ til forslaget i høringsnotatet er å la prinsippet om tilpassa opplæring bli ståande i formålsføreseigna til opplæringslova. Det som er sagt i St.meld. nr. 16 (2006–2007), er ikkje til hinder for ei slik løysing.

Ein del høringsinstansar har gitt støtte til å plassere prinsippet i formålsføreseigna. Somme høringsinstansar har også foreslått dette alternativet i den separate høringa hausten 2007 om ny formålsføresegn for grunnopplæringa. Da prinsippet i si tid

vart plassert i dagens formålsføresegn, var det eit medvite val frå lovgivaren si side. Intensjonen var å markere prinsippet som grunnleggjande for all opplæring. Alternativet å halde fast ved å plassere prinsippet om tilpassa opplæring i formålsføresegna vil ikkje falle saman med forslaget frå Bostadutvalet. I dette forslaget er nettopp prinsippet om tilpassa opplæring teke ut av formålsføresegna i opplæringslova for å bli tydeleggjort gjennom regulering i ei særskild føresegn. Dette harmonerer godt med å sjå prinsippet om tilpassa opplæring også som eit organisatorisk og pedagogisk verkemiddel for å nå målet om eit læringsutbytte i form av kunnskap, dugleik og holdninger.

På same måte som i dag kan alternativet å behalde prinsippet om tilpassa opplæring i formålsføresegna medføre at prinsippet blir «bortgøymt» i formålsføresegna i opplæringslova. Det kan også verke lite konsekvent å la eitt verkemiddel, som tilpassa opplæring, bli verande i formålsføresegna, medan eit anna sentralt verkemiddel, forsvarleg skolemiljø, er regulert utanfor.

#### *Prinsippet om tilpassa opplæring plassert i opplæringslova kapittel 1*

Eit tredje alternativ er å flytte prinsippet til eit anna kapittel i opplæringslova enn kapittel 5. Det kan vere aktuelt å ta prinsippet inn i ei eiga føresegn i opplæringslova kapittel 1. Den overordna karakter prinsippet har, kan tale for plassering i eiga lovføresegn i kapittel 1 for å framheve den sentrale betydninga prinsippet har i grunnopplæringa. Mange høringsinstansar har foreslått ei slik plassering. Dette er også i tråd med anna lovgiving der føresegner om formål, målsetjingar og verkeområde ofte er samla i eit innleiingskapittel. Det vil også gi føresegna om tilpassa opplæring ein framstående plass innleiingsvis i opplæringslova. Denne plasseringa vil støtte opp under dei omsyna ein del høringsinstansar har peika på, nemleg at føresegna gir uttrykk for eit overordna prinsipp som gjeld for all opplæring. Føresegna vil få karakter av ei slags «faneføresegn» som slår fast eit viktig prinsipp innleiingsvis i opplæringslova. Ei plassering i kapittel 1 kan likevel bli oppfatta som ei oppdeling av dagens formålsparagraf i to separate formålsføresegner. Den føresegna som inneheld prinsippet om tilpassa opplæring, kan bli oppfatta som ei slags «blandingsføresegn», dvs. som ein del av formålet, sjølv om ho står som ei eiga føresegn. Ser ein tilpassa opplæring meir som eit verkemiddel enn som eit overordna formål, kan det hevdast at lovføresegna passar mindre godt saman med formålsføresegna i opplæringslova kapittel 1. Dersom dette alternativet vel-

jast, krev det at kapitteloverskrifta blir endra slik at ho blir dekkjande for alle lovføresegnene i kapitlet.

#### *Prinsippet om tilpassa opplæring plassert i opplæringslova kapitla 2 og 3, eventuelt også i kapittel 4*

Somme høringsinstansar har foreslått andre alternativ enn dei som er nemnde ovanfor, mellom desse å ta prinsippet inn både i opplæringslova § 2-1 om rett og plikt til grunnskoleopplæring, i opplæringslova § 3-1 om rett til vidaregåande opplæring, eventuelt også i opplæringslova § 4-2 om særlege rettar og plikter for lærlingen og lære kandidaten. Til dette er å seie at ved samtidig plassering i opplæringslova kapitla 2 og 3, eventuelt også i kapittel 4, vil prinsippet bli nedfelt i to eller tre føresegner. Desse løysingane vil innebere ei regulering av same forhold fleire stader i opplæringslova, noko som ikkje harmonerer med omsynet til eit enkelt og oversiktleg regelverk, og er derfor ikkje vurderte som reelle alternativ til å plassere føresegna om tilpassa opplæring.

#### *Prinsippet om tilpassa opplæring plassert i opplæringslova kapittel 8*

To høringsinstansar har foreslått å ta prinsippet om tilpassa opplæring inn i opplæringslova kapittel 8 om organisering av undervisninga. Reint tematisk kan prinsippet etter departementet si vurdering passe der, og ei slik plassering er parallell med den løysinga som er vald i privatskolelova, der prinsippet står i same føresegn som omhandlar organisering av elevane i grupper. Prinsippet om tilpassa opplæring omhandlar i ei viss utstrekning skoleeigaren sitt val av undervisningsmetode. Av den grunn kan det med ein viss rett seiast at organiseringa av elevane i grupper og val av undervisningsmetode i enkelte samanhengar er to sider av same sak. Når spørsmålet om organisering av elevane i grupper skal vurderast, er det nødvendig samtidig å sjå på undervisningsmetoden, og omvendt.

Ei innvending mot plassering i kapittel 8 er at eit sentralt og overordna prinsipp om tilpassa opplæring i så fall blir plassert bak i opplæringslova, noko som kan tolkast som nedprioritering av den betydning prinsippet har.

#### *Prinsippet om tilpassa opplæring plassert i opplæringslova kapittel 13*

Ein høringsinstans har foreslått å ta prinsippet inn i opplæringslova kapittel 13 om ansvaret til kommunen, fylkeskommunen og staten. Mot dette alterna-

tivet taler dei same omsyna som mot plassering i opplæringslova kapittel 8. Føresegna blir ståande langt bak i lova og noko «bortgøymd». Ved ei slik plassering kan tilpassa opplæring miste noko av si betydning som overordna prinsipp for all opplæring. Prinsippet om tilpassa opplæring passar heller ikkje godt saman med føresegnene i kapittel 13, som inneheld føresegner om dei administrative og økonomiske pliktene for skoleeigarane, og ikkje direkte knyter seg til sjølve opplæringa.

#### *Konklusjon og forslag frå departementet til plassering av prinsippet om tilpassa opplæring*

På bakgrunn av det ovannemnde foreslår departementet at prinsippet om tilpassa opplæring får ny plassering i opplæringslova kapittel 1, nærmare bestemt i ny § 1-3. Gjeldande § 1-3 i opplæringslova blir foreslått flytta til ny § 1-5. Overskrifta over kapittel 1 i opplæringslova blir foreslått endra i samsvar med dette, slik at det der går klart fram at kapitlet omfattar formål, verkeområde og tilpassa opplæring.

For opplæring spesielt organisert for vaksne gjeld opplæringslova kapittel 4A, jf. opplæringslova § 1-1 tredje ledd. Dette kapitlet skal innehalde ei uttømmende regulering av dei føresegnene i opplæringslova som gjeld for opplæring spesielt organisert for vaksne. I opplæringslova kapittel 4A er det

inga tilvising til gjeldande formålsføresegn i opplæringslova § 1-2, heller ikkje til femte ledd om tilpassa opplæring. Departementet legg til grunn at årsaka er ein inkurie, og foreslår at det blir presisert i ny § 4A-12 at føresegna om tilpassa opplæring gjeld for opplæring etter opplæringslova kapittel 4A.

Forslaget om å plassere føresegna om tilpassa opplæring i opplæringslova kapittel 1 avvik frå høringsforslaget, samtidig som det kjem synspunkta frå mange av dei høringsinstansane som har uttalt seg, i møte. Plasseringa vil etter departementet sitt syn stå fram som klargjerande i praksis og for brukarane av opplæringslova. Valet av ei slik plassering vil vonleg medverke til å markere skiljet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning. Plasseringa kan i alle fall vanskeleg seiast å sementere den samanblandinga av omgrepa tilpassa opplæring og spesialundervisning som fleire høringsinstansar uttaler er utbreidd innanfor grunnopplæringsområdet, og som det opphavlege forslaget ifølgje desse instansane kunne medføre. Ved å plassere føresegna om tilpassa opplæring i kapittel 1 vil dette prinsippet bli lyfta fram og uttalt som overordna og grunnleggjande for all opplæring, innleiingsvis i lova. Dette forholdet står for departementet som avgjerande for forslaget til plassering av prinsippet om tilpassa opplæring i opplæringslova.

Departementet viser elles til lovforslaget og merknadene til føresegna i kapittel 10.

## 4 Forslag om endringar i føresegnene om saksbehandlinga for spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp

### 4.1 Bakgrunnen for lovforslaget

I St.meld. nr. 16 (2006–2007) står det at departementet vil vurdere å foreslå ei endring av opplæringslova § 5-3 om sakkunnig vurdering, slik at skolen i visse tilfelle kan tilby spesialundervisning etter enkeltvedtak utan at det ligg føre sakkunnig vurdering. Formålet med eit slikt tiltak er å leggje til rette for at den samla utgreiingskapasiteten i skolen og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) kan bli brukt optimalt og målretta for den ordinære opplæringa gjennom systemretta arbeid mot skolane. På denne måten kan kvaliteten av den ordinære opplæringa hevast. Dagens krav om sakkunnig vurdering i alle enkeltsaker om spesialundervisning kan binde ressursar som kunne bli brukte på ein meir formålstenleg måte. Derfor vil større fleksibilitet i saksbehandlingsreglane kunne setje PP-tenesta i stand til å arbeide meir systemretta og leggje til rette for at skolen får utvida sin kompetanse til å støtte elevane tidleg. Dette vil også kunne vere eit bidrag til sosial utjamning.

I meldinga er dette uttrykt slik:

«Departementet foreslår å forenkle regelverket slik at skolene i noen tilfeller selv skal kunne fatte vedtak om spesialundervisning i tilfeller der skolene selv har kompetanse til å vurdere saken. Dette vil kunne frigjøre ressurser i kommunen til å styrke tidlig innsats i skolen.»

Forskning viser at god kvalitet i den ordinære opplæringa reduserer behovet for spesialpedagogiske tiltak. I eit slikt perspektiv blir det viktig å styrkje det høvet PP-tenesta har til å drive såkalla systemretta arbeid overfor skolane. Fleirtalet i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen stilte seg under behandlinga av meldinga positivt til at eit slikt lovendringstiltak skulle vurderast nærmare.

### 4.2 Gjeldande rett

Etter gjeldande rett skal det alltid liggje føre sakkunnig vurdering før det blir gjort vedtak om spesialundervisning i grunnopplæringa eller spesialpe-

dagogisk hjelp for barn under opplæringspliktig alder. Vilkåret følgjer av opplæringslova § 5-3 og uttrykkjer eit strengare krav til utgreiinga av saka før vedtak blir gjort enn det som følgjer av den generelle utgreiings- og informasjonsplikta forvaltningsorganet har etter forvaltningslova § 17. Det følgjer av opplæringslova § 5-3 at ansvaret for at det ligg føre sakkunnig vurdering før det blir gjort vedtak, ligg på skoleeigaren som vedtaksmyndigheit. PP-tenesta har det faglege ansvaret for å utarbeide sakkunnig vurdering i desse tilfella, og for at vurderinga er i samsvar med dei lovfesta krava til innhaldet, jf. opplæringslova § 5-6. I den sakkunnige vurderinga skal det vere utgreidd og konkret teke stilling til om eleven har behov for spesialundervisning, og kva slags opplæringstilbod som bør givast. Dette er formulert slik i opplæringslova § 5-3 andre ledd:

«Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til

- eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa
- realistiske opplæringsmål for eleven
- om ein kan hjelpe på dei vanskanne eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet
- kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod.»

Det følgjer vidare av opplæringslova § 5-3 siste ledd at dersom eit enkeltvedtak avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngevinga for vedtaket m.a. vise kvifor vedtaksorganet meiner at eleven eller barnet i førskolealder likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller rettane etter opplæringslova § 5-1 eller § 5-7. PP-tenesta har, i tillegg til ansvaret for sakkunnige vurderingar, lovfesta ansvar for å drive systemretta arbeid, jf. opplæringslova § 5-6 andre ledd. I lova er dette arbeidet definert som kompetanse- og organisasjonsutvikling med føremål å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

## 4.3 Høringa

### 4.3.1 Høringsforslaget frå departementet

Departementet foreslo at opplæringslova § 5-3 blir endra slik at sakkunnig vurdering ikkje lenger skal vere eit ufråvikeleg og absolutt krav før det kan gjerast vedtak om spesialundervisning, men berre når det er nødvendig for at saka skal bli godt nok opplyst. Forslaget inneber å ta bort det kravet som i dag er uttalt i opplæringslova § 5-3, og la spørsmålet om sakkunnig vurdering er nødvendig, følgje av dei generelle føresegnene i forvaltningslova, jf. forvaltningslova § 17. Dagens ufråvikelege og absolute krav om sakkunnig vurdering før det blir gjort vedtak, er i forslaget ført vidare for alle dei tilfella der elev eller føresette ber om det.

I høringsforslaget vart det lagt til grunn at det ved ei forenkling av dei saksbehandlingsreglane som gjeld for vedtak etter opplæringslova § 5-1 om spesialundervisning i «ordinær» grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, ville vere naturleg å gjere ei tilsvarende endring i reglane for saksbehandlinga for vedtak etter opplæringslova § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder, og for vedtak etter opplæringslova § 4A-2 om spesialundervisning på grunnskolenes område for vaksne.

### 4.3.2 Synspunkta frå høringsinstansane

Det er 87 høringsinstansar som har uttalt seg om forslaget. Av desse støttar 19 forslaget utan nærare grunngeving, medan 16 støttar det på bestemte vilkår. 52 høringsinstansar støttar ikkje forslaget. 44 av desse har grunnlagt standpunktet sitt nærare.

Mellom dei høringsinstansane som støttar forslaget utan nærare grunngeving, er Helse- og omsorgsdepartementet, KS, 3 fylkeskommunar og 11 kommunar, Handelsnæringsens hovedorganisasjon, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke (LHL) og Gjennestad vidaregåande skole. Dei som støttar forslaget på bestemte vilkår, er Fylkesmannen i Østfold, 4 fylkeskommunar, 7 kommunar, Skolenes Landsforbund, Kristne Friskolers Forbund, Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring og Aglo vidaregåande skole.

Enkelte av høringsinstansane støttar forslaget på det vilkår at det følgjer med statlege midlar. *Vestfold fylkeskommune* uttaler:

«Vi forutsetter at eventuelle økte kostnader som følge av endringene kompenseres.»

Andre forhold som blir nemnde, er at det må ut-

arbeidast eit system ved skolane som sikrar kvalifisert kartlegging og vurdering, at ikkje berre elevar og foreldre, men også det skolefaglege nivået i kommunen bør få rett til å krevje sakkunnig vurdering, og at det alltid må innhentast sakkunnig vurdering ved første gongs utgreiing, ikkje ved seinare utgreiingar.

Dei høringsinstansane som går imot forslaget utan nærare grunngeving, er tre fylkeskommunar, tre kommunar, Bredtvedt kompetansesenter og Handikappede barns foreldreforening.

Mellom dei høringsinstansane som ikkje støttar forslaget og grunngir dette nærare er Utdanningsdirektoratet, Fylkesmannen i Aust-Agder, Fylkesmannen i Buskerud, Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Fylkesmannen i Vest-Agder, 3 fylkeskommunar, 13 kommunar, Barneombudet, Utdanningsforbundet, Norsk Skolelederforbund, Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG), Likestillings- og diskrimineringsombodet, Norsk lærerakademi Lærerhøgskolen, Norsk Forbund for Utviklingshemmede, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, PP-tjenesten for Indre Østfold, Cerebral Pareseforeningen, Oslo og Akershus fylkesavdeling av Cerebral Pareseforeningen, Norges Handikapforbund, Dysleksiforbundet, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Samfunnsviternes fagforening for PPT i Oslo, Universitetet i Oslo, Møller kompetansesenter og Åkra ungdomsskole i Karmøy kommune.

Dei ovannemnde høringsinstansane har ulike grunngevingar for standpunktta mot høringsforslaget. I det følgjande vil sentrale argument som kom fram i høringa, bli omtalte.

Enkelte instansar viser til at enkeltvedtak om spesialundervisning utan sakkunnig vurdering vil føre til både meirarbeid og dårlegare vedtaksgrunnlag. I denne samanheng blir det hevda at kvaliteten av sakkunnigarbeidet i PP-tenesta og rettstryggleiken for elevane vil bli redusert, trass i at foreldre og elevar etter forslaget vil ha rett til å krevje sakkunnig vurdering utarbeidd før vedtak blir gjort. Høringsinstansane uttaler at det er ein føresetnad at foreldra anten kjenner til lovgivinga på området eller får informasjon om rettane frå skolane for å kunne vareta dei rettane barna har etter forslaget. Det blir hevda at slik informasjon i dag blir gitt i varierende grad og med varierende kvalitet. Dette blir peika på som eit problem allereie i dag, og som eit problem som vil bli forsterka gjennom forslaget. Konsekvensen vil ifølgje høringsinstansane vere ulik behandling av elevar og dårlegare rettstryggleik for den enkelte.

Det blir vidare påpeika av enkelte instansar at få

skolar vil ha tilstrekkeleg kompetanse til å gjere dei vurderingar som må gjerast i kvart enkelt tilfelle, under dette om det er nødvendig å innhente sakkunnig vurdering utanfrå. Ifølgje enkelte instansar vil det også vere usikkert kven som skal vurdere om ein skole er kompetent til å bestemme at sakkunnig vurdering i ei konkret sak ikkje er nødvendig. Somme instansar spør kva kriterium som skal leggjast til grunn i ei slik vurdering. Andre hevdar at det alltid må utarbeidast sakkunnig vurdering dersom skolen sjølv ikkje har kompetanse til det, ikkje berre dersom elev/foreldre krev det.

I høringsfråsegnene blir det vidare hevda at forslaget vil kunne forsterke sosiale forskjellar og ikkje verke sosialt utjamnande, slik departementet legg til grunn i St.meld. nr. 16 (2006–2007). I argumentasjonen for dette standpunktet viser somme høringsinstansar til at berre ressurssterke foreldre vil krevje sakkunnig vurdering i dei tilfella der skolane meiner dette ikkje er nødvendig. Samtidig blir det hevda at forslaget kan auke presset på foreldra, som etter forslaget i enda større grad enn i dag blir tvinga til sjølv å vurdere både dei undervisningstilboda barna deira får, og om skolen sitt vedtak skal overprøvast i form av klage til fylkesmannen. Fleire påpeikar at dette ikkje vil gagne ressursvake elevar og foreldre, men tvert imot kunne medføre dårlegare samarbeidsforhold mellom foreldra og skolen.

Somme av høringsinstansane hevdar vidare at forslaget i realiteten vil redusere klageretten, og at det vil oppstå ulike grunnlag for klagebehandling, fordi det berre i enkelte saker vil liggjie ei sakkunnig utgreiing i vurderingsgrunnlaget før vedtak blir gjort. Andre trekkjer fram at mange klagesaker nettopp omhandlar avviket mellom den sakkunnige vurderinga og kommunen sitt vedtak, og at det vil bli vanskeleg å oppdage om det er teke utanforliggjande omsyn der sakkunnig vurdering ikkje er innhenta. I denne samanheng blir det samtidig vist til at kravet i opplæringslova § 5-3 siste ledd om grunngiving i saker med avvik vil få mykje mindre å seie.

Ei anna innvending frå fleire høringsinstansar er at skolane vil kunne bruke forslaget som økonomisk sparetiltak. Frå fleire blir det vist til at forslaget kan føre til at den økonomiske situasjonen for skolen blir utslagsgivande for om det blir gitt spesialundervisning, ikkje behova hjå elevane slik lova krev.

Mange av høringsinstansane uttaler at det på grunn av forslaget kan oppstå eit habilitetsproblem for leiinga ved skolen, sidan leiinga, etter forslaget, skal styre både dei økonomiske disposisjonane for skolen og vurdere retten til spesialundervisning for

elevane. Det blir også trekt fram at leiinga ved skolen vil bli sett i ei vanskeleg dobbeltrolle sidan ho først må vurdere behovet for sakkunnig vurdering, deretter gjere enkeltvedtak på bakgrunn av vurderinga. Det blir vidare peika på at dei færraste foreldre vil stille spørsmål til innhaldet i vedtaka frå skolen så lenge skolen har gjort eit formelt vedtak, og at forslaget på denne bakgrunnen kan bli ei «sovepute» for skolane og føre til ulik behandling av elevar, også i den enkelte kommunen. Det blir peika på at PP-tenesta i den enkelte kommunen medverkar til einsarta praksis, og at det ved å leggje heile vurderinga av behovet for spesialundervisning til kvar enkelt skole, kan bli monalege ulikskapar elevar imellom, m.a. styrte av kva kompetanse kvar enkelt skole har på området, og av økonomiske rammevilkår.

Mange høringsinstansar peikar på at det er eit klart behov for å ha ein uavhengig ekstern instans som PP-tenesta til å vurdere og ta stilling til kva tiltak som bør setjast i verk for ein elev. Det blir vist til at PP-tenesta har betydeleg kunnskap om og erfaring med barn med spesielle behov, og at medverknad frå PP-tenesta i slike saker er nødvendig som del av ein heilt nødvendig kvalitetssikringsmekanisme. For den enkelte eleven er vedtaket svært inngripande, og det får avgjerande påverknad på innhaldet i undervisningstilbodet til eleven. Mange instansar vurderer det derfor slik at det er svært viktig å halde fast ved ei slik kvalitetssikring frå PP-tenesta.

Fleire høringsinstansar stiller seg tvilande til at forslaget vil frigjere ressursar i PP-tenesta til systemretta arbeid, slik departementet legg til grunn i høringsnotatet. Det blir m.a. vist til at dette er ein annan type arbeid enn sakkunnige individuelle vurderingar. I denne samanheng held fleire også fram at nettopp arbeidet med individuelle saker er det beste grunnlaget for det systemretta arbeidet i PP-tenesta, og at forslaget på denne måten tvert imot vil svekkje dette overordna systemretta arbeidet. Dei to oppgåvene for PP-tenesta bør etter mange si mening ikkje setjast opp mot kvarandre, men begge bør styrkjast og i større grad sjåast i samanheng. Fleire grunngir skepsisen med at PP-tenesta etter forslaget tvert imot vil bli ein slags «ankeinstans» når enkeltvedtak blir gjorde utan sakkunnig vurdering, og at tenesta på grunn av forslaget vil bli enda meir belasta enn tilfellet er i dag. Vidare uttaler enkelte at skolane vil bli tvinga til å bruke større ressursar når dei skal vurdere saker og gjere vedtak der PP-tenesta ikkje har gitt noka innleiande sakkunnig vurdering.

Somme høringsinstansar uttaler at det må stilast dei same krav til skolen si vurdering som dei

krav lova stiller til den sakkunnige vurderinga frå PP-tenesta, og hevdar at det er ein mangel at dette ikkje kjem til uttrykk i forslaget.

Vidare blir det hevda at rettstryggleiken generelt blir dårlegare når ein må be om ei sakkunnig vurdering, i motsetnad til i dag der dette er eit vilkårslaust krav i alle saker. Fleire instansar vurderer det som ei tryggare løysing for elevane å ha eit lovfesta krav om obligatorisk sakkunnig vurdering i den ordinære saksgangen.

Enkelte høringsinstansar finn det underleg at forslaget om å endre innhaldet i saksbehandlingsreglane blir lagt fram no, all den stund *Utvalet for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilde behov* (Midtlyngutvalet) nyleg er nedsett. Fram til 1. juli 2009 skal utvalet gå grundig igjennom den plass spesialundervisninga har i norsk skole, under dette organisering, ressursbruk og resultat. Det blir hevda at forslag frå departementet bør vente til utgreiinga frå dette utvalet er lagd fram og behandla. Andre uttaler at resultatata frå det nasjonale tilsynet i 2008 bør ligge føre før det blir teke stilling til eit forslag om slike endringar i lovverket.

I høringsfråsegna frå *Levanger kommune* står det:

«Endringsforslaget om at man kan fatte et enkeltvedtak uten at det foreligger en sakkyndig vurdering, vil medføre en svekkelse av den enkeltes rettigheter, sammenlignet med dagens lovtekst.

Vi tror at dette kan føre til ulik behandling og vurdering av elever. Hvordan skal man foreta et skille mellom hvem som skal ha vedtak uten sakkyndig vurdering og ikke? Her blir det de foreldrene som krever det, som får.

I dag er det mange rektorer som fatter enkeltvedtak, og vi vet gjennom tilsynet Fylkesmannen har hatt på dette området, at dagens kvalitet og kompetanse er variabel.

Vi synes også at dette endringsforslaget er et skritt i helt feil retning, jfr samme tilsyn som går på kvalitet i rutiner for spesialundervisning, der det i år har blitt omtalt at mange sakkyndige vurderinger ikke holder mål, og at kvaliteten må heves, da dette har stor betydning for elevenes opplæringstilbud. Betydningen av den nære sammenheng på innhold i sakkyndig vurdering og elevens individuelle opplæringsplan, er understreket. Mange har i etterkant av tilsynene sett på hvordan man kan bedre rutiner og kompetanse på dette, nettopp for å kvalitetssikre elevenes rettigheter. Det blir en stor svekkelse av individets rettighet å ikke kreve sakkyndig vurdering i alle saker før det fattes enkeltvedtak om spesialundervisning. Målet med nasjonalt tilsyn på området spesialundervisning, var å bedre kvaliteten. Dette krever at sakkyndige

vurderinger/tilrådingar, enkeltvedtak og individuelle opplæringsplaner sees i sammenheng. (...)

En sakkyndig vurdering er pr i dag en «slags rettsgaranti» dersom enkeltvedtaket om spesialundervisning avviker fra den sakkyndige vurderingen. Pr. i dag skal det begrunnes dersom enkeltvedtaket avviker fra den sakkyndige vurderingen. Denne «rettsgarantien» vil falle bort hos de som har fått enkeltvedtak uten sakkyndig vurdering!

I høringsnotatet står det at siktemålet med denne lovendringen er at elevenes eller foreldrenes rettsikkerhet ikke skal svekkes. Vi mener det er akkurat det som vil skje, og at retten til spesialundervisning blir enda mer variabel skolene i mellom enn den er i dag.

Vi finner det også betenkelig at dette lovforslaget kommer nå, da flere skoler i lengre perioder har opplevd ressursnedgang. Vi vet at desto færre ressurser, desto mindre fleksibilitet i opplæringen, som igjen fører til større behov for spesialundervisning. [...]»

*Samfunnsviternes fagforening for PPT i Oslo* seier m.a. i høringsfråsegna:

«Slik lovteksten er foreslått, vil resultatet medføre vilkårlighet i saksbehandlingen og vi vil sannsynlig oppleve store individuelle forskjeller i tilbudet om spesialundervisning, og tilpasset opplæring. Sakkyndige tilrådingar fra PPT er i loven, i dag, gitt en særlig stor betydning ved at kravet til kommunens begrunnelse for vedtak er betraktelig skjerpet dersom en tilråding fra PP-tjenesten ikke følges. Resultatet av forvaltningens gjennomføring av tilsyn med spesialundervisningen i norske skoler dokumenterer et alvorlig rettsikkerhetsproblem. Fylkesmennene og Sivilombudsmannen (2007) viser til at skolene har for lite kompetanse når det gjelder forvaltningsrett og skolelovgivning.

Rektor/skolen vil med stor sannsynlighet komme i en konflikt med forvaltningsprinsippet om at saksbehandlingen må være forutsigbar og ikke gjenstand for vilkårlighet. Det er klart elevenes rettsikkerhet reduseres ved en slik form for saksbehandling hvor en og samme person (rektor) skal utrede vansker og behov, fatte vedtak og i tillegg likeverdighetsvurdere og vurdere forsvarligheten i sine egne vedtak. I dag er det PPT som likeverdighetsvurderer elevens individuelle opplæringsplan i henhold til den sakkyndige vurderingen/ uttalelsen (tilrådingen). [...]

Stortingsmelding 16 hadde sosial utjevning som hovedfokus. Formuleringen «når eleven/foreldra ber om det» vil antakelig ikke virke sosialt utjevne. Det er høyst sannsynlig ikke de ressursvake foreldrene som vil be om en

sakkyndig vurdering. Retten til sakkyndig vurdering må derfor gjelde alle og ikke noen.

Dersom et vedtak om spesialundervisning er fattet uten at det foreligger en sakkyndig vurdering av faglig ekspertise, vil dokumentasjonen av elevens opplæringsbehov spesielt i forbindelse med overganger (førskole/skole, grunnskole/ungdomsskole og ungdomsskole/videregående opplæring) sannsynligvis i mange tilfeller bli mangelfull eller feilaktig. [...]

Samfunnsviterne mener det er et problem at departementet setter systemrettet praksis opp mot individuell tilrettelegging og utredning, og reduserer enkeltelevers muligheter for å få sine vansker og behov utredet. Departementet bør vise vilje til å styrke begge disse områdene. En vurdering av skolens læringsmiljø og sakkyndig vurdering av enkeltelever bør ikke utelukke hverandre, men heller utfylle hverandre og gi en mer helhetlig oversikt over tiltaksrekken i skolens arbeid med læringsmiljø. (...)

Departementets forslag om å «frigjøre» ressurser i PP-tjenesten må ikke gå på bekostning av viktigheten av sakkyndige utredninger og sakkyndige vurderinger av hva elevene faktisk har behov for. PP-tjenesten trenger økte ressurser for å imøtegå behovet for både utføre grunnleggende utredninger samt bistå skolene i annet type arbeid med tanke på å legge til rette for elever med spesielle behov.»

I høringsfråsegna frå *Fylkesmannen i Hordaland* heiter det:

«Fylkesmannen i Hordaland ser at ei fjerning av det absolutte kravet om sakkunnig vurdering vil kunne frigjere ressursar slik at PPT kan konsentrere seg meir om systemretta verksemd. Rettstryggleiken for elevane er søkt tryggja ved å gi foreldre som ber om det rett til sakkunnig vurdering. I dei fleste tilfelle vil det vere tilstrekkeleg.

Fylkesmannen i Hordaland er likevel uroa for at nokre foreldre ikkje vil nytte denne retten. Vi er og redd desse foreldra i mindre grad vil nytta klageretten enn dei meir ressurssterke vil gjere. Endringa kan såleis skape økte skilnader på sosialt grunnlag.

Dersom det absolutte kravet om sakkunnig vurdering blir fjerna frå § 5-3, stiller vi oss spørsmål om kva krav som skal stillast til saks handsaminga, herunder vurderingsgrunnlaget, før rektor (som er delegert slik mynde i dei fleste kommunar) gjer vedtak.

I framlegget er det ikkje vurdert om kva endringa vil innebære for sakshandsaminga der det er barn i førskolealder som har rett til spesialpedagogisk hjelp. Føresegna i § 5-6 (Pedagogisk-psykologisk teneste) andre ledd 1. punktum (krav om systemarbeid) er retta mot sko-

len. Høyringsutkastet drøftar ikkje korleis framlegget vil slå ut for førskolebarn. Vi spør oss kven som skal dokumentere om eit barn har særleg behov for spesialpedagogisk hjelp og kva skal leggjast til grunn.

Vi ser elles at det i praksis gjerne vil bli henta inn sakkunnig vurdering der det vert klaga på eit avslag. Dette kan vere fordi klagar blir gjort merksam på retten sin til å be om sakkunnig vurdering, eller fordi fylkesmannen finn det «nødvendig for å opplyst saka». Dette vil kunne innebære forskjellsbehandling av dei som klagar og dei som ikkje gjer det.»

Somme høringsinstansar peikar på uheldige forhold for privatskolane. *Kristne Friskolers Forbund (KFF)* uttaler m.a. dette:

«KFF forstår bakgrunnen for forslaget og er enig i det, men det skaper en del utfordringer i forhold til privatskolene som dessverre ikke er omtalt. Saken hadde styrket seg ved en slik omtale og det ville betydd en viss klargjøring for privatskolene. Det som er viktigere, er at praksis i forvaltningen senere ville blitt styrket og saksbehandlerne kjent med dette, om lovforarbeidene omtalte saken.»

#### 4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

I høringsnotatet foreslo departementet at opplæringslova § 5-3 blir endra slik at kravet om sakkunnig vurdering ikkje skal vere eit ufråvikeleg og absolutt krav før vedtak om spesialundervisning blir gjort. Berre når det er nødvendig for at saka skal bli godt nok opplyst, vurdert etter den generelle utgreiings- og informasjonsplikta forvaltningsorganet har etter forvaltningslova § 17, skal det etter forslaget vere eit slikt krav. Forslaget er grunnlagt med at ei slik endring vil leggje til rette for at den samla kompetansen i skolen og PP-tenesta kan bli brukt mest mogleg optimalt og målretta for elevane med særskilde behov. Ved å frigjere ressursar til systemretta arbeid i skolen kan den ordinære opplæringa i større grad dekkje det generelle behovet for tilpassa opplæring, og behovet for spesialundervisning og spesialpedagogiske tiltak bli redusert.

Departementet sende eit tilsvarende forslag til høring hausten 2004. Også den gongen møtte forslaget ein del motstand i høringa. Forslaget vart halde oppe i Ot.prp. nr. 57 (2004–2005), men forkasta av eit fleirtal i stortingsbehandlingen. I Innst. O. nr. 105 (2004–2005) vart det uttalt følgjande:

«Dette flertallet mener at elevenes rett til en individuell opplæringsplan, og skolens plikt til å

utarbeide en slik plan, er nært knyttet til at det skal foreligge en sakkyndig vurdering før det blir gjort vedtak om spesialundervisning. Den individuelle opplæringsplanen skal legge til grunn vurderingene i den sakkyndige utredningen. Dette flertallet viser til at den individuelle opplæringsplanen er «kontrakten» mellom skolen og elevene/foreldrene. Den skal legges til grunn for samarbeidet om den enkelte elev og gi grunnlag for organisering og evaluering av opplæringen.»

Vidare heiter det same stad:

«Stortinget ber Regjeringen legge frem en grundig gjennomgang av spesialundervisningens plass i norsk skole, herunder en vurdering av ressursbruk og resultater samt det statlige støttesystemets organisering og virksomhet.»

Denne oppmodinga har regjeringa følgd opp gjennom oppnemninga av Midtlyngutvalet. Utvalet har eit breitt mandat og skal m.a. på bakgrunn av

analysar og vurderingar leggje fram konkrete forslag til betre organisering av og effektiv ressursbruk i ei framtidig heilskapleg tiltakskjede for barn, unge og vaksne med behov for spesialpedagogisk hjelp.

Målsetjinga med høringsforslaget var, som nemnt framanfor, i all hovudsak å frigjere ressursar som kunne brukast meir målretta for elevar med særlege behov. Høringsfråsegnene viser at det kan vere grunnlag for å stille spørsmål ved om denne målsetjinga kan nåast gjennom lovforslaget. Forslaget har fått relativt lite tilslutning i høringa, og departementet vel derfor å leggje avgjerande vekt på dei innvendingane som har komme frå høringsinstansane.

Departementet er komme til at forslaget om endring i føresegnene om saksbehandling for spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp ikkje skal haldast oppe. Det blir derfor ikkje fremja i denne proposisjonen.

## 5 Forslag om å innføre rett til særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring

### 5.1 Bakgrunnen for lovforslaget

Forslaget er ei oppfølging av eit av tiltaka i St.meld. nr. 16 (2006–2007). I stortingsmeldinga uttaler departementet:

«For å synleggjøre retten til særskilt språkopplæring i vidaregåande opplæring, og dermed bidra til bedre oppfyllelse av eksisterende rettigheter, vil departementet foreslå en egen bestemmelse i opplæringsloven som regulerer dette.»

I meldinga blir det peika på at god språkopplæring er ein nøkkel for minoritetsspråklege barn og elevar til å lykkast i utdanning og arbeidsliv.

Særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i offentleg grunnskole vart først fastsett som ein rett i 1999. Med heimel i opplæringslova § 2-8 vart retten utfyllande regulert i forskrifta til opplæringslova § 24-1. Elevar som hadde anna morsmål enn norsk og samisk, fikk rett til nødvendig morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring inntil dei hadde tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Elevar som fylte vilkåra, hadde rett til alle dei tre typene opplæring så sant det var eigna undervisningspersonale i kommunen. Frå og med 1. oktober 2003 vart innhaldet i forskriftsføresegna teke inn i opplæringslova § 2-8 og samtidig vart ei tilsvarende føresegn lovfesta i friskolelova § 3-5. Departementet viser til omtalen av lovforslaget i Ot.prp. nr. 33 (2002–2003). Lovendringane innebar at minoritetsspråklege elevar i både offentlege grunnskolar og private grunnskolar med rett til statstilskott fekk dei same rettane til særskild språkopplæring.

Føresegnene om særskild språkopplæring i grunnskolen vart vidare endra med verknad frå 1. september 2004. Om bakgrunnen for desse lovendringane viser departementet til Ot.prp. nr. 55 (2003–2004). Endringane vart gjorde for å lovfeste at særskild opplæring i norsk skulle vere det fremste verkemiddelet for minoritetsspråklege elevar i grunnskolen. Morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring skulle etter endringa vere sekundære hjelpemiddel i norskopplæringa. Dette er også gjeldande i dag.

Særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring er ikkje rettsfesta i ei eiga føresegn, slik som for elevar i grunnskolen. Dette betyr at elevar i vidaregåande skolar må få dekt eit tilsvarende behov for støtte pga. språkproblem med heimel i lovføresegna om spesialundervisning, sjå pkt. 5.2 om gjeldande rett, dersom dei ikkje får tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.

### 5.2 Gjeldande rett

#### *Rett til særskild språkopplæring i grunnskolen*

Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har ifølgje opplæringslova § 2-8 og privatskolelova § 3-5 rett til særskild opplæring i norsk til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den ordinære opplæringa. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Privatskolelova § 3-5 gjeld ikkje for elevar ved norske skolar i utlandet, jf. siste ledd i føresegna.

I merknader til føresegnene i Ot.prp. nr. 55 (2003–2004) heiter det at særskild norskopplæring skal vere det fremste verkemiddelet for elevar som ikkje kan følgje undervisning gitt på norsk. Morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring skal vere sekundære hjelpemiddel, og vil først og fremst vere ein rett for nykomne og andre minoritetslevar som har så dårleg norskdugleik at dei ikkje kan følgje noka undervisning på norsk.

Det er ikkje lovfesta eit krav om sakkunnig vurdering før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring i grunnskolen, slik loven krev før vedtak om spesialundervisning. Av forarbeida til opplæringslova følgjer det derimot eit krav om at skoleeigar må gjennomføre ei kartlegging av den språklege dugleiken eleven har i norsk, og ei vurdering av kva eleven treng av særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Utan slik kartlegging kan ikkje skoleeigar oppfylle krava i forvaltningslova om utgreiing og grunngeving.

### *Rett til særskild språkopplæring i vidaregåande opplæring*

Særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring er ikkje rettsfesta i ei eiga føresegn, slik som for elevar i grunnskolen. Elevar i vidaregåande skole med behov for særskild språkopplæring kan likevel ha rett til slik opplæring med heimel i opplæringslova § 5-1 om spesialundervisning. Ifølgje denne føresegna har ein elev som ikkje får tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, rett til spesialundervisning, uavhengig av årsaka til læreanskane. Ein elev som ikkje har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å kunne følgje ordinær opplæring, vil følgjeleg ha rett til spesialundervisning som sørgjer for at eleven får forsvarleg utbytte av opplæringa, trass i manglande dugleik i norsk.

Før det blir gjort vedtak om spesialundervisning, skal det alltid liggje føre ei sakkunnig vurdering frå pedagogisk-psykologisk teneste om dei særlege behova eleven har, jf. opplæringslova § 5-3. Dette gjeld også der behovet for spesialundervisning har si årsak i manglande norskdugleik.

Opplæringslova §§ 5-1 og 5-3 om spesialundervisning gjeld også for elevar i private skolar med rett til statstilskott, jf. privatskolelova § 3-6 første ledd. Retten omfattar likevel ikkje elevar i private vidaregåande skoler som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt i vidaregåande offentlege skolar, jf. privatskolelova § 6A-7.

## **5.3 Høringa**

### **5.3.1 Høringsforslaget frå departementet**

For å tydeleggjere rettane til særskild språkopplæring for elevar i vidaregåande opplæring vart det i høringsnotatet foreslått at det skal innførast ei føresegn om særskild språkopplæring for elevar i vidaregåande opplæring, tilsvarende dagens føresegn for elevar i grunnskolen.

I høringsnotatet vart retten foreslått lovfesta i ny § 3-12 i opplæringslova. Vidare vart det foreslått ei tilsvarende endring i privatskolelova, dvs. at privatskolelova § 3-5 også blir gjord gjeldande for elevar i private vidaregåande skolar i Noreg, med unntak av skolar godkjende etter privatskolelova kapittel 6A.

### *Økonomiske og administrative konsekvensar av høringsforslaget*

I høringsnotatet vart det vist til at elevar i vidaregåande opplæring har rett til spesialundervisning der-

som dei ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. Føresegnene om spesialundervisning kan m.a. innebere rett til særskilt tilrettelagd språkopplæring dersom eleven har behov for det. Det er fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til spesialundervisning for elevar i vidaregåande opplæring. På denne bakgrunn vart det i høringsnotatet vist til at forslaget om å innføre ei eiga føresegn om rett til særskild språkopplæring for elevar i vidaregåande opplæring ikkje vil leggje nye økonomiske plikter på fylkeskommunen.

### **5.3.2 Synspunkta frå høringsinstansane**

Alle dei høringsinstansane som har uttalt seg til forslaget, støttar eller har ikkje merknader til forslaget om at det i opplæringslova og privatskolelova blir lovfesta at elevar i vidaregåande opplæring med anna morsmål enn norsk og samisk skal ha rett til særskild språkopplæring til dei har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa.

Av fylkeskommunane har 17 komme med fråsegner. Eit fleirtal av fylkeskommunane meiner at forslaget vil føre til auka kostnader, og ber departementet om å vurdere dei økonomiske konsekvensane på nytt. *Troms fylkeskommune* uttaler i denne samanheng:

«Det er positivt at bestemmelsen om særskilt språkopplæring i vidaregåande opplæring rettighetsfestes i egen bestemmelse. Det øker rettssikkerhet og likebehandling for elever fra språklige minoriteter. Likevel må det kommenteres at dette feltet er underfinansiert. Gode tiltak til særskilt språkopplæring i vidaregåande opplæring preges i for stor grad av at mange skoler ikke har økonomiske muligheter til å organisere et pedagogisk forsvarlig opplæringstilbud til elever fra språklige minoriteter. Dette gjelder i særlig grad skoler med elever med kort botid i Norge og skoler med et lavt antall minoritetsspråklige elever.»

Også *Telemark fylkeskommune* meiner at forslaget vil føre til auka ressursbruk, og uttaler:

«Vi mener imidlertid at forslaget vil måtte føre til økt ressursbruk for fylkeskommunen da det etter vår mening, vil bli langt flere som kommer til å nytte seg av denne retten. Det er nødvendig at fylkeskommunen blir styrket med økonomi tilsvarende hva dette vil koste i økte utgifter. Selv om det i forslaget ligger at morsmålsopplæring kan legges til en annen skole, vil det kreve flere morsmåls lærere enn det fylkeskommunen rår over i dag. Det vil også kunne føre til en

kamp om morsmåslærere mellom de enkelte skoleslag. Økte skyssutgifter til skoler med morsmåslærere må også påregnes. Hvis forslaget blir vedtatt må begreper som «som ikke behersker norsk» og «...ha tilstrekkelige kunnskaper i norsk» presiseres nærmere.»

*Likestillings- og diskrimineringsombudet* er også positiv til forslaget, men uttaler:

«Ombudet har forståelse for at det på grunn av begrensede tilgjengelige ressurser kan være vanskelig å etablere et adekvat tilbud lokalt. Ombudet fremhever og vektlegger samtidig betydningen av integreringshensynet. Ombudet utelukker ikke at det f. eks ved språklig tilrettelegging av undervisningstilbudet i grunnskolen har utviklet seg en uheldig praksis, ved at enkelte skoler ikke lenger forsøker å gi et tilbud lokalt. Dette kan medføre at elevene som trenger tilrettelegging sendes til et godt etablert sentralt tilbud i egne oppsamlingsklasser. Etter ombudets oppfatning er dette et dårligere tilbud, og svært uheldig for elevens tilknytning, integrering og faglige utvikling.»

*Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning (NFF)* har kommentarar til opplærings-tilbudet når det gjeld morsmålsopplæring, og uttaler:

«Når det gjelder forslaget om at morsmålsopplæringen kan legges til en annen skole, vil NFF påpeke at det i en del tilfeller kan være en god løsning å satse på IKT-støttede tilbud, fjernundervisning og andre fleksible opplegg når slike finnes, slik at elevene eventuelt kan slippe å forholde seg til to skoler. Det er utviklet gode opplæringstilbud i norsk for fremmedspråklige (en rekke språk), som vil være nyttige redskaper i den overgangsperioden for eleven som omtales på side 11 i høringsnotatet, «Elever med dårlige ferdigheter i norsk vil i tillegg kunne ha rett til morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring i en overgangsperiode.»

*Elevorganisasjonen* uttaler:

«For at minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring skal få ei god opplæring, er det naudsynt med ei god morsmålsopplæring. Det er viktig at kommunen og fylkeskommunen ser til at denne opplæringa skjer på skulen eleven går ved. Det at elevar må reise langt for å få ei tilfredsstillande opplæring er svært uheldig for eleven, det bør difor så langt det er mogleg, unngåast.

Leseundersøkingar visar at minoritetsspråklige elevar stillar svakare enn etnisk norske elevar. Fordi evna til å lese og forstå språk er grunnleggjande for elevens mogligheit til å hev-

de seg i andre fag, er det særst viktig at alle elevar lykkast på dette punktet i skulen. Dersom elevane sjølv må reise langt for å få ein god språkopplæring fryktar Elevorganisasjonen at dette vil føre til lavare motivasjon hos elevar som treng det mest.»

Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) seier i si fråsegn at tospråkleg fagopplæring burde styrkjast, og ikkje vere eit sekundært verkemiddel.

## 5.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Gode norskkunnskaper er avgjerande for at minoritetsspråklege elevar skal få forsvarleg utbytte av grunnopplæringa, og samtidig viktige for den alminnelege integreringa i samfunnet. Departementet foreslår i samsvar med høringsforslaget at det blir innført ei tilsvarende føresegn om særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring som for minoritetsspråklege elevar i grunnskolen. Den særskilde språkopplæringa, som omfattar særskild norskopplæring og, om nødvendig, morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, skal fremje norskspråkleg utvikling, slik at elevane blir i stand til å følgje ordinar opplæring.

Etter forslaget skal særskild opplæring i norsk vere det fremste verkemiddelet for minoritetsspråklege elevar som ikkje beherskar norsk. Morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring skal berre givast så langt det er nødvendig. Føresetnaden for å kunne gi morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring er at det er eigna undervisningspersonale i fylkeskommunen. Når det ikkje finst eigna undervisningspersonale som kan gjennomføre morsmålsopplæring eller tospråkleg opplæring, skal fylkeskommunen, så langt råd er, leggje til rette for alternative opplæringsformer. Dette kan til dømes vere morsmålsopplæring i form av fjernundervisning.

Morsmålsopplæring skal vere ein reiskap for omgrepsutvikling og kunnskapstileigning, og vere eit grunnlag for å lære norsk. Morsmålsopplæringa skal til vanleg ikkje gå utover anna opplæring, og kjem såleis i tillegg til det alminnelege timetalet.

Morsmålsopplæring kan etter forslaget leggjast til ein annan skole enn den eleven til vanleg går på. Dette har samanheng med at morsmålsopplæring blir gitt i tillegg til det ordinære timetalet. Særskild norskopplæring og tospråkleg fagopplæring skal tilbydast ved den skolen eleven til vanleg går på.

Det er meininga at den særskilde språkopplæringa skal vere ei overgangsordning for elevar som ikkje har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å kunne følgje den vanlege opplæringa. Målsetjinga er å lære elevane å nytte norsk som reiskapsspråk så fort som mogleg. Når eleven har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å kunne følgje den vanlege opplæringa, fell rettane til særskild språkopplæring etter forslaget bort.

Elevar som har rett til særskild norskopplæring, skal få opplæring etter læreplanen i norsk med tilpassingar, eller læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar. Når det gjeld retten til elevar i skolar godkjend etter privatskolelova viser departementet elles her til privatskolelova § 2-3 om m.a. godkjenning av læreplanar.

Departementet har merka seg at eit fleirtal av fylkeskommunane meiner forslaget vil føre til auka kostnader. Departementet vil understreke at fylkeskommunane i dag har ansvaret for at elevar i vidaregåande opplæring får oppfylt retten til spesialundervisning dersom dei ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. Dette gjeld også dersom årsaka til behovet for spesialundervisning er at elevane ikkje har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å kunne følgje det ordinære opplæringstilbodet. Innføring

av ei eiga føresegn om rett til særskild språkopplæring vil føre til at færre elevar vil ha behov for spesialundervisning. Etter departementet si vurdering vil ein reduksjon i talet på elevar som får spesialundervisning, og ein samtidig auke i talet på elevar som får særskild språkopplæring, ikkje medføre endringar i kostnadene for fylkeskommunen.

Departementet viser elles til at det eksisterer ei statleg tilskottsordning som skal medverke til at det blir gitt ekstra språkopplæring for elevar og lærlingar med språkleg minoritetsbakgrunn i vidaregåande opplæring, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) kap. 225, post 65.

Departementet har vidare merka seg at Telemark fylkeskommune uttaler at omgrepa «som ikkje behersker norsk» og «ha tilstrekkelige kunnskapar i norsk» må presiserast nærmare. Departementet understrekar at med desse omgrepa er det meint kunnskapar i norsk som krevst for å kunne tileigne seg fag på vidaregåande trinn.

Departementet fremjar etter dette forslag om ein ny § 3-12 i opplæringslova og endringar i privatskolelova § 3-5 i samsvar med forslaget i høringsnotatet.

Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 10.

## 6 Forslag om å utvide mandatet til Foreldreutvalet for grunnskolen

### 6.1 Bakgrunnen for lovforslaget

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) er etter dagens regelverk eit rådgivande organ for departementet i saker om samarbeid mellom grunnskolen og heimen. Utvalet skal vareta foreldra sine interesser i skolesaker. Med sikte på å styrkje samarbeidet mellom skole og heim varsla Kunnskapsdepartementet i St.meld. nr. 16 (2006–2007) ei utviding av mandatet for FUG, slik at det ville omfatte første året i vidaregåande opplæring. Dette lovforslaget er ei oppfølging av stortingsmeldinga.

### 6.2 Gjeldande rett

Mandatet for arbeidet i FUG er heimla i opplæringslova § 11-9. Det følgjer av overskrifta og første punktum i lovføresegna at utvalet berre kan ha oppgåver knytte til grunnskolen. I lovføresegna er det uttalt at Kongen i statsråd nemner opp FUG, at utvalet skal ha leiar, nestleiar og fem andre medlemmer, og at funksjonstida er fire år. Når det gjeld det konkrete arbeidet i utvalet, gir lovteksten departementet heimel for å gi nærmare forskrifter om arbeidet i utvalet. Slik regulering er gitt i forskrifta til opplæringslova kapittel 20.

Formålsføresegna i opplæringslova § 1-2 sjettede ledd understrekar at det i all opplæring, både i grunnskole og i vidaregåande opplæring, skal leggjast vekt på gode samarbeidsforhold mellom skole og heim. Når det gjeld grunnskolen, er dette ytterlegare understreka i § 3-2 i forskrifta til opplæringslova. Her er m.a. nemnt at skolen har ansvar for å halde god kontakt med foreldra eller dei føresette.

### 6.3 Høringa

#### 6.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsnotatet vart mandatet for FUG foreslått utvida til også å gjelde første året i vidaregåande opplæring. Opplæringslova § 11-9 vart foreslått endra i overskrift og innhald for å synleggjere utvidinga. Det vart i tillegg uttalt at departementet i etterkant

av lovendringa ville gjere nødvendige endringar i forskrifta til opplæringslova kapittel 20.

#### 6.3.2 Synspunkta frå høringsinstansane

44 høringsinstansar har uttalt seg om forslaget, og heile 43 instansar har slutta seg til det. Det er berre KS av dei som har uttalt seg, som ikkje støttar forslaget. Alle høringsinstansane uttrykkjer at godt samarbeid mellom heim og skole er svært viktig, og at dette ikkje minst gjeld det første året i vidaregåande opplæring. Det er semje mellom instansane om at overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring bør søkjast gjort så smidig som mogleg for den enkelte.

Somme høringsinstansar har kommentarar utover berre å støtte forslaget. Elevorganisasjonen, Vestfold fylkeskommune og Sortland kommune uttaler at forslaget må følgjast opp med auka økonomiske tildelingar til FUG. Saman med FUG sjølv uttaler Buskerud fylkeskommune, Utdanningsforbundet, Elevorganisasjonen, Handels- og service-næringens hovedorganisasjon og Norsk Forbund for Funksjonshemmede at forslaget utløyser behov for endring i dagens lovregulering av samansetninga av utvalet.

*Elevorganisasjonen* uttaler seg både om økonomiske midlar og samansetninga av FUG:

«Dersom utvalet sitt mandat skal utvidast bør medlemmane auke kompetansen på vidaregåande opplæring. Dei får og fleire oppgåver dersom dei på ein god måte skal ivareta den nye oppgåva. Elevorganisasjonen meiner difor det er naturleg å utvide utvalet sitt antal medlemmar og auke dei finansielle rammene.»

FUG meiner at det må utarbeidast nærmare reglar om samarbeidet mellom heim og vidaregåande skole. I høringsfråsegna uttaler utvalet:

«FUG mener at lovverket må forplikte den enkelte vidaregåande skole på samarbeid mellom heim og skole, men at lovbestemmelsen må gi den enkelte skole/lærebedrift frihet til å organisere og strukturere samarbeidet etter lokale forhold. FUG foreslår at det snarest utarbeides forslag til bestemmelser som forplikter vidaregåande skole til foreldresamarbeid.»

Barneombudet, Landsorganisasjonen i Norge (LO), Seljord kommune og Møller kompetansesenter går lenger enn forslaget og uttaler at FUGs mandat bør omfatte heile den vidaregåande opplæringa, ikkje vere avgrensa til det første året. LO seier i høringsfråsegna:

«LO er enig i forslaget, men ønsker at mandatet også omfatter de neste to årene. Foreldres innsats kan også bidra i arbeidet for å forebygge frafallet i vidaregåande skole. Skole – hjem samarbeidet bør vektlegges i vidaregåande på same måte som i grunnskole og vidaregåande skole.»

KS er aleine om ikkje å støtte høringsforslaget, og grunngir standpunktet sitt slik:

«KS støtter ikke forslaget om å utvide mandatet for Foreldreutvalget i grunnskolen (FUG) til også å omfatte første året i vidaregåande opplæring. Overgangen mellom grunnskole og vidaregåande opplæring er en milepæl for både elever og foreldre. Elever over 15 år søker selv vidaregåande opplæring. Denne myndiggjøringen understøttes av at det er elevene og ikke foreldrene som er medlemmer i skoleutvalgene og av at det er elevene som har møte- og talerett i fylkeskommunale nemnder. KS mener at en endring av FUGs mandat kan bidra til å svekke denne myndiggjøringsprosessen. KS ser at det kan være behov for et bedre samarbeid mellom skole og hjem i forbindelse med overgang mellom grunnskole og vidaregåande opplæring, og at foreldre har behov for informasjon om sine barns skolegang. KS mener at gode overgangsordninger må skapes lokalt og regionalt, og kan vanskelig se at et statlig organ som FUG kan ha noen sentral rolle i dette arbeidet. Foreldres behov for informasjon må være skoleeiers ansvar og et forhold mellom den enkelte skole, elevene og deres foreldre.»

Vidare heiter det:

«KS forutsetter at samtlige kostnader forbundet med lovforslagene fullfinansieres av staten dersom lovforslagene realiseres.»

## 6.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Høringsforslaget om å utvide mandatet for FUG til også å omfatte det første året i vidaregåande opplæring har utspring i St.meld. nr. 16 (2006–2007). I meldinga er det grunnlagt med eit ønske om ytterlegare å utvide samarbeidet mellom skole og heim. Det blir vist til at overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring er viktig og kan kjennast ut-

fordrande for alle elevar, men kan opplevast som særleg vanskeleg for ressursvake elevar. I overgangen til vidaregåande opplæring skal det gjerast mange val, noko som stiller store krav til eleven. Det er derfor viktig at elevane får bistand og hjelp frå foreldra. Forsking viser at slik hjelp har mykje å seie for elevane, både sosialt og fagleg. I mandatet for FUG ligg eit sterkt ønske om å støtte dei elevane som har størst behov for det. FUG har ei viktig rolle i å gi foreldra informasjon og støtte, slik at dei kan vere gode samarbeidspartnarar for eigne barn. Dette kan medverke til at rette val blir gjorde i denne viktige fasen av livet. Departementet understrekar at bistand frå FUG ikkje er tenkt å skulle erstatte den rådgivingsfunksjonen skolen har, men å vere eit nødvendig supplement til denne.

Høringsforslaget har fått tilslutning frå alle høringsinstansane så nær som ein. Departementet er samd med dei høringsinstansane som peikar på behovet for endra samansetning av kompetansen i FUG. Departementet understrekar at det ved oppnemninga av nye medlemmer f.o.m. 1. januar 2008 er lagt til grunn at det mellom medlemmene i FUG skal finnast kompetanse knytt til det første året av vidaregåande opplæring i tråd med forslaget. Samtidig meiner departementet at forslaget ikkje gjer det nødvendig å utvide talet på medlemmer.

Frå høringsfråsegnene har departementet merka seg at det blir peika på at foreldre til barn med nedsett funksjonsevne i dag føler at det ikkje finst noko organ der dei kan gjere sine synspunkt gjeldande etter at barna er komne over i vidaregåande opplæring, og at forslaget av den grunn vil gagne desse foreldra spesielt.

Ein høringsinstans har uttalt at forslaget vil svekke den myndiggjøringsprosessen som m.a. ligg i at elevar over 15 år sjølv vel vidaregåande opplæring. Til dette vil departementet seie at å utvide FUGs ansvar for informasjon til foreldra ikkje innskrenkar den rett eleven har til sjølv å velje utdanning, men skal setje foreldra betre i stand til å støtte og rettleie barna sine i samband med dette valet og i tilhøvet til skolen.

Departementet ser ikkje no noko behov for ytterlegare å lovfeste foreldresamarbeid som plikt for dei vidaregåande skolane. Gjeldande regelverk på området, m.a. opplæringslova § 1-2 og kapittel 11, er vurdert som tilstrekkeleg. Departementet meiner likevel at det vil vere viktig å sjå korleis utvidinga av mandatet for FUG viser seg å fungere, og å vurdere – i dialog med FUG – om det er behov for å regulere foreldresamarbeidet nærmare i regelverket.

Ei innvending som har komme i samband med høringa, er at gode overgangsordningar må ska-

past lokalt og regionalt, og at eit statleg organ neppe bør ha noka framståande rolle i dette. At FUG har ein rådgivande funksjon for departementet i saker om samarbeid mellom skole og heim, hindrar etter departementet sitt syn ikkje at dei behov foreldre har for informasjon i den enkelte saka, først og fremst blir eit sakstilhøve som gjeld skolen, foreldra og elevane. Den foreslåtte utvidinga vil ikkje innebere noka endring i dette, men snarare vere eit nyttig supplement.

På bakgrunn av det ovanneemde foreslår departementet å utvide mandatet for FUG i samsvar med det forslaget som har vore til høring. Utvidinga vil gå fram av endringar i opplæringslova § 11-9. Departementet vil leggje fram forslag til korresponderande endringar i forskrifta til opplæringslova kapittel 20.

Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 10.

## 7 Forslag om å utvide retten til teiknspråkopplæring i grunnskolen

### 7.1 Bakgrunnen for lovforslaget

I samsvar med intensjonen i Læreplanverket for Kunnskapsløftet om å sjå den 13-årige grunnopplæringa i samanheng, er det utarbeidd læreplanar i norsk teiknspråk, norsk for døve og sterkt tunghørte, engelsk for døve og sterkt tunghørte og drama og rytmikk for døve og sterkt tunghørte. Med unntak for faget drama og rytmikk for døve og sterkt tunghørte, som berre gjeld for grunnskolen, gjeld læreplanane gjennomgåande for heile grunnopplæringa. Dette legg godt til rette for å innføre lik rett til opplæring i og på teiknspråk i både grunnskole og vidaregåande opplæring. Etter departementet si vurdering bør vilkåra for retten til opplæring i og på teiknspråk vere den same gjennom heile grunnopplæringa.

### 7.2 Gjeldande rett

#### *Rett til opplæring i og på teiknspråk i grunnskolen*

Elevar i grunnskolen som har teiknspråk som førstespråk, har ifølgje opplæringslova § 2-6 rett til grunnskoleopplæring i og på teiknspråk.

Det følgjer av forarbeida til opplæringslova at teiknspråk er eit fullverdig språk på linje med til dømes norsk og samisk. I dette ligg at elevar som har ein rett etter opplæringslova § 2-6, og som vel å gjere bruk av denne retten, har krav på å få heile grunnskoleopplæringa gjennomført i og på teiknspråk. Med heimel i opplæringslova §§ 2-2 og 2-3 er det fastsett nærmare reglar i forskrifta og i læreplanverket om kva innhald teiknspråkopplæringa skal ha, og om tidsomfanget av opplæringa.

Det følgjer av forskrifta til opplæringslova § 1-1 at teiknspråkopplæringa i grunnskolen skal følgje Læreplanverket for Kunnskapsløftet med dei særskilde presiseringane som følgjer av eigne læreplanar i norsk teiknspråk, norsk for døve og sterkt tunghørte, engelsk for døve og sterkt tunghørte og drama og rytmikk for døve og sterkt tunghørte, jf. bokstav d. Læreplanane er utarbeidde med tanke på å vere gjennomgåande for både grunnskolen og vidaregåande opplæring, dvs. for heile grunnopplæringa.

Retten til å gå på nærskolen etter opplæringslova § 8-1 gjeld ikkje for elevar som vil ha oppfylt retten til teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 2-6. Bustadkommunen kan velje å gi slik opplæring på ein annan stad enn «den skolen eleven soknar til.» I den grad retten kan bli oppfylt gjennom eit tilbod på ein annan stad enn nærskolen, og eleven likevel vel å gå på nærskolen, vil kommunen ha plikt til å gi eleven forsvarleg utbytte av opplæringa. Dette kan innebere plikt til å gi spesialundervisning som delvis består av teiknspråkopplæring.

Kommunen skal alltid innhente sakkynndig vurdering frå pedagogisk-psykologisk teneste før det blir gjort vedtak om teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 2-6.

#### *Rett til opplæring i og på teiknspråk i vidaregåande opplæring*

Opplæringslova § 3-9 gir i tillegg til dei som har teiknspråk som førstespråk også elevar som etter sakkunnig vurdering har behov for vidaregåande opplæring i og på teiknspråk, rett til slik opplæring. Eleven kan velje mellom å få opplæringa i teiknspråkmiljø og norskspråkleg miljø.

### 7.3 Høringa

#### 7.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsnotatet frå departementet vart det peika på at det på bakgrunn av eit konkret og reelt behov hos ein elev i grunnskolen kan vere grunnar til å gi ein elev rett til grunnskoleopplæring i og på teiknspråk, utan at dette er førstespråket til eleven. Departementet uttalte vidare:

«Det er fra enkelte hold blitt fremholdt at det på grunn av den tekniske og medisinske utviklingen, bl.a. ved at stadig flere døve tar i bruk cochlea implantat – CI, i dag er større variasjoner enn tidligere når det gjelder hørselshemmedes opplæringsbehov. Ved praktiseringen av gjeldende bestemmelse har det også vist seg å være gråsoneelever som ikke uten videre kan sies å ha bare tegnspråk som førstespråk, men

som likevel vil ha et klart behov for tilpasset opplæring i og på tegnspråk.

Den økte fleksibiliteten som etterlyses i grunnskolen finnes allerede i videregående opplæring. Opplæringsloven § 3-9 gir i tillegg til dem som har tegnspråk som førstespråk også elever som etter en sakkyndig vurdering har behov for slik opplæring, rett til videregående opplæring i og på tegnspråk. Også for barn i førskolealder har loven i § 2-6 fastsatt at retten til tegnspråkopplæring skal foreligge ut fra om barnet har særlige behov for tegnspråkopplæring.

De nye læreplanene i norsk tegnspråk, norsk for døve og sterkt tunghørte, engelsk for døve og sterkt tunghørte og drama og rytmikk for døve og sterkt tunghørte er gjennomgående for hele grunnopplæringen. En lik rett til opplæring i og på tegnspråk i grunnskolen og videregående skole vil derfor harmonisere godt med intensjonen om å se den 13-årige grunnopplæringen som en helhet.»

Departementet foreslo på denne bakgrunn at opplæringslova § 2-6 blir endra slik at elevar i grunnskolen som etter sakkunnig vurdering har behov for å få grunnskoleopplæringa i og på teiknspråk, får ein slik rett.

#### *Økonomiske og administrative konsekvensar av høringsforslaget*

I høringsnotatet uttalte departementet at forslaget om endring i opplæringslova § 2-6 ikkje vil ha økonomiske eller administrative konsekvensar for kommunen. Departementet peika på at

«I takt med den medisinsk-teknologiske utviklingen hvor et økt antall døve blir CI-operert og får en økt «hørselsrest», reduseres antall døve tilsvarende. Det samlede antallet døve og CI-opererte blir følgelig ikke endret, kun det innbyrdes forholdet. Av den grunn fører ikke lovforslaget i seg selv til større kostnader i forhold til denne gruppen enn det som på bakgrunn av dagens lov ville vært situasjonen uten den medisinsk-teknologiske utviklingen. Samtidig vil øvrige elever som i dag har behov for tegnspråklig opplæring, men ikke har rett til slik opplæring, ha behov for og rett til særskilt opplæring i form av spesialundervisning for å få tilfredsstillende utbytte av opplæringen. Kostnadene knyttet til disse to «typene» opplæring vil etter departementets vurdering i stor grad være av samme størrelse. En reduksjon i antallet elever som får spesialundervisning og en samtidig økning i antallet elever som får tegnspråkopplæring, vil derfor heller ikke utgjøre noen endring i kostnadene for kommunene.

Før en grunnskoleelev får oppfylt retten til opplæring i og på tegnspråk skal det alltid gjøres en sakkyndig vurdering etter § 2-6. Ved at flere får rett til tegnspråkopplæring vil omfanget av sakkyndighetsarbeid etter denne bestemmelsen øke. Vurdert i lys av at de samme elevene i dag må bli utredet av PP-tjenesten med henblikk på spesialundervisning, vil likevel det samlede sakkyndighetsarbeidet etter de to lovbestemmelsene forbli det samme. Forslaget innebærer følgelig heller ikke økte økonomiske og administrative kostnader knyttet til det lovfestede sakkyndighetsarbeidet.»

#### **7.3.2 Synspunkta frå høringsinstansane**

Alle høringsinstansane som har uttalt seg til forslaget om at opplæringslova § 2-6 blir endra slik at elevar som etter sakkunnig vurdering har behov for det, får rett til grunnskoleopplæring i og på teiknspråk, støttar eller har ikkje merknader til forslaget.

I alt har 33 kommunar uttalt seg om forslaget. Dei er positive til forslaget eller har ikkje merknader. To av kommunane, Levanger kommune og Nittedal kommune, har konkrete kommentarar til forslaget. Desse kommunane støttar forslaget, men er usamde i den økonomiske vurderinga frå departementet, som føreset at forslaget ikkje påfører kommunane auka utgifter. *Nittedal kommune* uttaler:

«Kompetanse innen tegn til tale er ikke uvanlig i skolene, mens tegnspråk er en spisskompetanse som ikke er en selvfølge verken på skole- eller kommunenivå.

Nittedal kommune er derfor bekymret for at kommunene kan ha vansker med å oppfylle en utvidet rett til tegnspråkopplæring og ber departementet utrede hvordan dette eventuelt kan løses.»

*Hørselshemmedes landsforbund (HLF)* stiller seg positivt til forslaget, men uttaler at barn som har behov for talespråkleg utvikling etter cochleaimplantat (CI-operasjon), ikkje får rettar etter opplæringslova, og utaler:

«Utviklingen av talespråket vil være sentralt for å sikre god språklig kompetanse. Disse barna vil derfor ha behov for et pedagogisk tilbud hvor man utvikler hørsel og talespråk. Et tilbud om tale- og lyttetrening vil være like vesentlig for talespråkutviklingen og kommunikasjonsevnen for denne gruppen som tegnspråkopplæring er for døve. Dette gjelder også for tunghørte barn med høreapparat som ikke er tegnspråkbrukere. [...]

HLF ønsker å sikre like rettigheter for de

som velger en talespråklig utvikling etter CI-operasjon og de som ønsker enn tegnspråklig utvikling. HLF vil derfor be om at § 2-6 og 3-9 endres slik at også de som velger en talespråklig utvikling sikres rettigheter gjennom lovgivningen.»

Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeids- og velferdsdirektoratet (NAV), International Society for Argumentative and Alternative Communication (ISAAC), Bretvedt kompetansesenter, Torshov kompetansesenter, Statped Vest, Rådet for inkluderende opplæring, Norsk Forbund for Utviklingshemmede, Oslo og Akershus fylkesavdeling av Cerebral Parese-foreningen, og Handikappedes barns foreldreforening har i høringssvara nytta høvet til å uttale at dei meiner den gruppa personar som treng alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) manglar rettsleg grunnlag for å få vareteke sine behov for tilrettelegging med tanke på kommunikasjon og læring. Desse høyringsinstansane ber departementet om også å foreslå ei føresegn som vil vere med på å sikre rettane til ASK-brukarane, og likestille dei med døve og hørselshemma.

I denne samanheng uttaler *International Society for Argumentative and Alternative Communication (ISAAC)* :

«ISAAC Norge vil i denne samanheng framheve ei gruppe som på mange måtar kan samanliknast med dei som nyttar tegnspråk. Det gjeld dei som nyttar alternativ – og supplerande kommunikasjon (ASK). ASK-brukarane er barn, ungdom og vaksne som uttrykker seg på andre måtar enn berre gjennom tale. Dei kan mellom anna nytte blikkpeiking, handtegn, bilde, symboltavlar og datamaskiner. ASK-brukarar er i dag ikkje sikra spesielle rettar gjennom lovverket. Situasjonen er prega av at dei har store avgrensingar i kommunikasjonen sin, fordi kvardagen ikkje er tilstrekkeleg tilrettelagt. Dei får ofte ikkje opplæring i språket sitt og kommunikasjonsformane sine, og undervisningsmaterieill tilrettelagt for ASK-brukarar manglar fullstendig. Familien får ikkje undervisning og kunnskap om barnet sitt språk, og kva muligheter som finst for barnet til å kommunisere.

Ofte har dei ikkje tilgang på kommunikasjonshjelpemiddel, og der er liten eller ingen kunnskap i skulen om korleis legge til rette for og gi opplæring i og på barnet sitt språk. I skulekvardagen er den grunnleggande retten til å kommunisere sett til sides, og opplæringa er korkje tilpassa eller likeverdig.»

*Arbeids- og velferdsdirektoratet (NAV)* uttaler:

«Norge har i år underskrevet FN-konvensjonen om likestilling for personer med redusert funk-

sjonsevne. I FN-konvensjonen likestiltes tegnspråk med alternativ og supplerende kommunikasjon. I ratifikasjonsarbeidet blir det derfor viktig å hjemle rettighetene til denne målgruppen, og her står opplæringsloven sentralt. I dag er situasjonen slik at målgruppen har rettigheter knyttet til selve hjelpemidlene, men mangler rettigheter knyttet til opplæring og bruk av disse hjelpemidlene i sin utdanning. Slike rettigheter bør hjemles i Opplæringsloven.»

40 av høyringsfråsegnene kjem frå foreldre som har barn som har behov for supplerande og alternativ kommunikasjon (ASK) eller har kjennskap til ASK. I høyringsfråsegnene uttaler dei seg ikkje direkte til lovforslaget om utvida rett til teiknspråkopplæring, men uttaler at det er manglar ved opplæringslova når det gjeld rettar for funksjonshemma barn som verken kan bruke talespråk eller teiknspråk. Dei meiner at barna må få rettar på linje med døve og blinde barn.

## 7.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår i samsvar med høyringsforslaget at opplæringslova § 2-6 blir endra slik at elevar i grunnskolen som etter sakkunnig vurdering har behov for det, får rett til grunnskoleopplæring i og på teiknspråk. Forslaget inneber ei utviding av retten til teiknspråkopplæring for elevar i grunnskolen ved at lova opnar for at fleire barn får rett til opplæring i og på teiknspråk. Forslaget fører til at vilkåra for rett til opplæring i og på teiknspråk blir dei same for elevar i både grunnskole og vidaregåande opplæring.

Departementet har notert seg at Hørselshemmedes landsforbund uttaler at barn som har behov for talespråkleg utvikling etter cochleaimplantat (CI-operasjon), ikkje får rettar etter opplæringslova. Vidare har departementet merka seg at ei rekke høyringsinstansar og foreldre uttaler at den gruppa personar som treng ASK, manglar rettsleg grunnlag for å få vareteke sine behov for tilrettelegging med tanke på kommunikasjon og læring. Departementet vil presisere at opplæringslova i dag sikrar dei nemnde elevgruppene rett til særskilt tilrettelagd undervisning med heimel i føresegna om spesialundervisning. Ein elev med behov for særskilde tiltak på grunn av kommunikasjonsproblem har etter føresegnene om spesialundervisning rett til eit opplæringstilbod som har eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven forsvarleg utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 5-1.

Departementet har merka seg at to av dei kommunane som har uttalt seg, er usamde i departementet si vurdering av dei økonomiske og administrative konsekvensane av høringsforslaget, og at dei er bekymra for at kommunane kan ha vanskar med å oppfylle ein utvida rett til teiknspråkopplæring. Departementet vil understreke at kommunane også i dag har ansvaret for å gi grunnskoleopplæring til hørselshemma elevar som ikkje har teiknspråk som førstespråk. Desse elevane har rett til å få særskilt tilrettelagd grunnskoleopplæring

med heimel i reglane om spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Departementet legg til grunn at ein reduksjon i talet på elevar som får spesialundervisning og samtidig ein auke i talet på elevar som får teiknspråkopplæring, ikkje vil utgjere noka endring i kostnadene for kommunane.

Departementet fremjar etter dette forslag om at opplæringslova § 2-6 blir endra i samsvar med forslaget i høringsnotatet.

Departementet viser elles til lovutkastet og merknadene i kapittel 10.

## 8 Lovfesting av plikt for skoleeigaren til å gi elevar gratis frukt og grønnsaker

### 8.1 Bakgrunnen for lovforslaget

I St.meld. nr. 16 (2006–2007) understrekar regjeringa betydninga av gode rammer omkring skolemåltid, og at det er eit mål for regjeringa å innføre ordningar med frukt og grønnsaker for alle elevar i grunnskolen. Det vart varsla at Kunnskapsdepartementet vil innføre ei slik ordning. I behandlinga av St.meld. nr. 16 (2006–2007) seier kyrkje- utdannings- og forskingskomiteen seg samd i at det i første omgang blir innført ei ordning med gratis frukt og grønnsaker utan lovfesta plikt, jf. Innst. S. nr. 164 (2006–2007). I St.prp. nr. 67 (2006–2007) *Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2008 (kommuneproposisjonen)* og St.prp. nr. 69 (2006–2007) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2007* blir dette følgt opp ved at regjeringa foreslår å innføre gratis frukt og grønnsaker for alle elevar i skolar med ungdomstrinn, det vil seie reine ungdomsskolar (8. – 10. trinn) og i kombinerte skolar (1. – 10. trinn). I behandlinga av St.prp. nr. 69 (2006–2007) vart det vidare gjort vedtak om å innføre gratis frukt og grønnsaker, jf. Innst. S. nr. 230 (2006–2007). I samsvar med Stortingsvedtaket tredje ordninga i kraft skoleåret 2007–2008, og ordninga legg opp til at skoleeigaren sjølv skal ha ansvaret for å utforme ordninga slik at ho harmonerer med lokale forhold og behov. Dei midlane som er sette av, skal dekkje dei utgiftene skoleeigarane har til innkjøp og administrasjon. Dei blir fordelte til kommunane gjennom inntektssystemet og til private og statlege skolar gjennom øyremerkte tilskott.

I St.prp. nr. 1 (2007–2008) viser regjeringa til omtalen av ordninga med gratis frukt og grønnsaker i revidert nasjonalbudsjett 2007 og foreslår at ordninga blir ført vidare ved tildeling av ytterlegare løyvingar for 2008.

### 8.2 Gjeldande rett

Opplæringslova og privatskolelova har ikkje i dag føresegner som fastset noka plikt for skoleeigarar til å gi elevane gratis frukt og grønnsaker. I St.prp. nr. 67 (2006–2007) *Om lokaldemokrati, velferd og*

*økonomi i kommunesektoren 2008 (kommuneproposisjonen)* varsla Regjeringa at departementet på eit seinare tidspunkt ville fremje forslag om lovfesting av ordninga med gratis frukt og grønnsaker.

### 8.3 Høringa

#### 8.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsnotatet vart det foreslått å lovfeste plikt for kommunar, private grunnskolar med statstilskott og statlege skolar til å gi alle elevar på skolar med ungdomstrinn gratis frukt og grønnsaker. Forslaget er på denne måten i samsvar med Stortinget sin intensjon med vedtaket om løyvingar for 2007 til gratis frukt og grønnsaker i grunnskolen, jf. Innst. S. nr. 230 (2006–2007). Plikta vil etter forslaget omfatte alle elevar ved ungdomsskolar (som har 8. – 10. årstrinn) og kombinerte skolar (som har 1. – 10. årstrinn). Nærmare føresegner om ansvaret for ordninga og omfanget av plikta skal etter forslaget bli fastsett i forskrift.

Barn og unge som er plasserte i institusjon etter barnevernslova og får grunnskoleopplæring av fylkeskommunen med heimel i opplæringslova § 13-2, er ikkje omfatta av den plikta som vart foreslått lovfesta. I høringsnotatet vart dette grunnlagt med at desse elevane får heildøgns omsorg og pleie i barnevernsinstitusjonane, som også sørgjer for godt kosthald. Det vart vist til at fleire av barna/ungdommane i barnevernsinstitusjonane får opplæring i grunnskolar utanfor institusjonane, og dermed likevel får del i ordninga med gratis frukt og grønnsaker. Vidare vart det lagt vekt på at dette gjeld eit lite tal elevar, totalt sett. Anslagsvis er 1500 barn og unge plasserte i barnevernsinstitusjon på landsbasis, og berre eit mindretal av skoleelevane i denne gruppa er i ungdomsskolealder. Ut frå ei heilskapleg vurdering vart derfor behovet denne gruppa ungdomsskoleelevar har for frukt og grønnsaker, vurdert som tilstrekkeleg vareteke.

Elevar ved private grunnskolar godkjende etter opplæringslova § 2-12 er ikkje omfatta av plikta som vart foreslått lovfesta.

Forslaget i høringsnotatet er at plikta til å gi elevar frukt og grønnsaker skal formulerast generelt i

opplæringslova og privatskolelova, og at plikta skal bli regulert nærmare i forskrift. Forslaget til lovtekst er av den grunn formulert som ein heimel for departementet til å fastsetje nærmare forskrifter om ansvaret for ordninga og omfanget av plikta.

I omtalen av økonomiske og administrative konsekvensar i høringsnotatet var det lagt til grunn at plikta er avgrensa til å omfatte elevar ved ungdomsskolar og kombinerte skolar. Det vart vist til at dette for 2008 var kostnadsrekna til 218 mill. kroner.

### 8.3.2 Synspunkta frå høringsinstansane

64 høringsinstansar har uttalt seg om forslaget. Av desse er det 34 som støttar forslaget, og 17 som ikkje støttar det. I tillegg er det 2 instansar som utan å ta stilling til forslaget har kommentarar, og 11 som ikkje har merknader.

#### *Dei som støttar forslaget*

Dei instansane som støttar forslaget, er 18 kommunar, Helse- og omsorgsdepartementet, Sosial- og helsedirektoratet, Utdanningsforbundet, Barneombudet, Landsorganisasjonen i Norge (LO), Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Skolenes Landsforbund, Landsorganisasjonen for hjerte- og lungesyke (LHL), Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO), Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO), Ernæringsrådet, Opplysningskontoret for frukt og grønt, Vestfold fylkeskommune, Finnmark fylkeskommune, Kostforum, Norges frukt- og grønnsaksgrossister.

*Alta kommune, Kvalsund kommune, Hammerfest kommune, Nordkapp kommune og Loppa kommune* har likelydande grunngiving for si støtte til høringsforslaget:

«Vi er, ut fra et helse og kostholdsperspektiv, enig i at det er viktig å tilby ungdomsskoler og kombinerte skoler Frukt og Grønt. Et slikt tilbud vil også være ytterligere et bidrag til et positivt lærings-/skolemiljø. Når det fra statlig side er bevilget midler til formålet, må formålet sikres gjennom lovverket. En slik sikring er nødvendig fordi tilskuddet til frukt/grønt er lagt inn i rammeoverføringene til kommunen. Vi slutter oss til forslag til lovtekst.»

At det kan være nødvendig å sikre at dei midlane som er overførte til skoleeigarane, blir nytta til å halde elevar med gratis frukt og grønnsaker, blir også omtalt av andre, mellom desse Sosial- og helsedirektoratet. Med støtte frå Helse- og omsorgsdepartementet uttaler *Sosial- og helsedirektoratet*:

«Av høringsnotatet går det fram at det vil bli fremmet forslag om å øke rammetilskuddet til

kommunene og tilskuddet til private og statlige skoler tilsvarende, jf. St.prp. nr 1 (2007–2008). Sosial- og helsedirektoratet mener midlene til frukt og grønt i skolen må øremerkes til dette formålet. Dette vil sikre at midlene virkelig brukes til formålet frukt og grønt i skolen. Fra media og vår kontakt med ansatte i grunnskolen har vi fått eksempler på at midler som allerede bevilges til frukt og grønt i skolen, flere steder brukes til andre formål. Dette er etter vårt syn meget beklagelig.»

Mellom kommunane er det 7 som gir støtte til forslaget på det vilkår at det følger med statleg tilskott til ordninga. To av desse er Vefsn kommune og Molde kommune. *Vefsn kommune* uttaler:

«Hovedansvaret for å følge opp barn og unges kosthold skal ligge hos foreldre og foresatte. Vi vet at gode kostholdsvaner er med på å gi den enkelte elev et godt læringsutbytte i skolen og gjennom ordning med gratis frukt og grønt kan skolene være med å bidra til gode holdninger hos elevene.

Vefsn kommune støtter departementets forslag om å innføre en generell plikt til å holde elevene med gratis frukt og grønnsaker forutsatt at utgifter til dette dekkes gjennom rammeoverføringer til kommunen.»

*Molde kommune* uttaler:

«En støtter departementet sitt forslag om lovfesting av skoleeiers plikt til å ha en ordning med gratis frukt og grønnsaker, under forutsetning av full statlig finansiering av ordningen.»

Mange høringsinstansar som støttar forslaget, uttaler samtidig at det bør omfatte alle elevar i grunnskolen. Dette gjeld m.a. Utdanningsforbundet, Barneombudet, Helse- og omsorgsdepartementet, Sosial- og helsedirektoratet, i tillegg til enkelte kommunar.

*Utdanningsforbundet* uttaler:

«Utdanningsforbundet støtter forslaget om å innføre en plikt for kommuner, statlige og private skoler til å etablere og ha en ordning med gratis frukt og grønnsaker på ungdomstrinnet. Det er hensiktsmessig at lovteksten blir gjort generell med hjemmel for nærmere regulering av ansvar og omfanget av ordninga i forskrift.

Utdanningsforbundet mener at plikten burde gjelde også for barnetrinnet og ber regjeringa om raskest mulig å innføre frukt og grøntordning for hele grunnskolen.»

*Barneombudet* uttaler:

«Forslaget innebærer lovfesting av vedtak om å innføre gratis frukt og grønnsaker for alle elever på ungdomstrinnet, det vil si rene ungdoms-

skoler (8.–10. trinn) og kombinerte skoler (1.–10. trinn). Kostnaden skal finansieres gjennom økning av rammetilskuddet. Barneombudet støtter forslaget og oppfordrer til en utvidelse av tilbudet også for rene barneskoler. Ombudet vil videre oppfordre myndigheten til å utvide ordningen til et skolemåltid.»

*Helse- og omsorgsdepartementet* har til dette samme syn på forslaget som *Sosial- og helsedirektoratet* og viser til fråsegna frå direktoratet, der det heiter:

«SHdir støtter sterkt forslaget om å innføre en plikt til ordning med gratis frukt og grønnsaker for elever i ungdomsskoler og kombinerte skoler. Vi har merket oss at Regjeringen uttaler i St.prp. nr 1 (2007–2008) at den ønsker å videreføre ordningen. Dette regner vi med betyr at det snart lovfestes en plikt for alle skoleeiere til å ha en ordning med frukt og grønnsaker til alle elever i grunnskolen. Dermed blir alle elever behandlet likt mht. dette helsefremmende tilbudet, og det blir slutt på ordningen med frivillig abonnement som, i følge forskningsresultater, kan bidra til å forsterke sosiale forskjeller i kostvaner blant barna.»

*Meråker kommune* seier:

«Støtter forslaget om plikt til tilbud om frukt og grønt; men dette tilbudet bør omfatte alle skoler innenfor årstrinnene 1–10. Begrunnelse: Matvarene for barn starter tidlig.»

*Fylkesmannen i Nord-Trøndelag* viser til at det er dokumentert at frukt og grønt har positive verkninger på elevane, og at det av den grunn er ulogisk at ordninga ikkje omfattar alle grunnskoleelevar. I fråsegna heiter det:

«Fylkesmannen i Nord-Trøndelag foreslår at ordningen med gratis frukt og grønt utvides til å gjelde alle grunnskoleelever, inkludert barneskoler. Vi viser til evalueringsrapport «Fysisk aktivitet og måltider» hvor 70 % av barneskolene mener at elevene i svært høy eller høy grad er blitt mer konsentrerte etter at de har innført skolemåltider og frukt og grønt. I samme rapporten nevnes også at 80 % av barneskolene har ikke kantinetilbud, slik at elevene eventuelt kan kjøpe seg frukt og grønt.

Fylkesmannen mener at det fremstår som ulogisk at det er kommunens organisering av skolestrukturen som er avgjørende for hvilke elever som får nytte godt av ordningen. Elevene bør behandles likt, uavhengig av kommunal organisering.»

#### *Dei som ikkje støttar forslaget*

Dei instansane som ikkje støtter forslaget, er 10 kommunar, Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG), Norsk Skolelederforbund, KS, Fylkesmannen i Vest-Agder, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS), Rogaland fylkeskommune.

Fleire høringsinstansar viser til at høringsforslaget vil redusere den lokale handlefridommen for kommunane, og at dei av den grunn ikkje støttar det. Dette gjeld Stavanger kommune, Bergen kommune, Oslo kommune, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS) og KS.

*Bergen kommune* uttaler:

«I Bergen ser ordningen med gratis frukt og grønnsaker ut til å ha fungert godt siden innføring av ordningen ved skolestart høsten 2007. Ordningen med gratis frukt og grønt er et godt virkemiddel for å forbedre barn og ungdoms kostvaner, og virker også sosialt utjevne.

Byrådet vil bemerke at ordningen med frukt og grønnsaker forutsetter statlig finansiering, både på barne- og ungdomstrinnet.

Bergen kommune kan av prinsipielle grunner ikke tilrå en lovfesting av frukt- og grønnsaksordning da det etter vår oppfatning ikke hører hjemme i en opplæringslov.»

*Oslo kommune* uttaler:

«Oslo kommune går på prinsipielt grunnlag mot lovfesting av frukt- og grønnsaksordning i skolen».

*KS* uttaler om dette:

«KS støtter Regjeringens synspunkt om at barn og unge skal ha gode kostholdsvaner som bidrar til et godt læringsutbytte i skolen. KS støtter imidlertid ikke forslaget om å lovregulere en plikt for skoleeier til å ha en ordning med gratis frukt og grønnsaker i grunnskolen. KS mener at dette er et eksempel på regulering som er med på å redusere lokale folkevalgte til utførere av oppgaver detaljbestemt av staten. Storting og Regjering må vise tillit til lokale folkevalgte gjennom å gi tilstrekkelig handlingsrom til å utforme politikk basert på lokale forutsetninger.»

*Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG)*, *Ullensaker kommune* og *Seljord kommune* meiner at det er for tidleg å lovfeste plikt til gratis frukt og grønt, at det bør gjerast fleire erfaringar med den ordninga som gjeld i dag. FUG uttaler:

«FUG stiller seg i prinsippet positiv til forslaget om en ordning med gratis frukt og grønt til alle

elevne i grunnskolen, både i offentlige og private skoler, fordi gode vaner må bygges tidlig. Vi forstår og støtter den gode intensjonen bak forslaget.

Men vi mener det er for tidlig å lovfeste dette nå. Ordningen bør prøves ut og evalueres for å se om den fungerer tilfredsstillende på skole-ene før en evt. går til lovfesting.

FUG er for øvrig av den oppfatning at det må være mulig å innføre en slik ordning uten at den nødvendigvis må lovfestes.

Dette er en kostbar ordning. Vi er kjent med at det ved enkelte skoler som har prøvd ut ordningen ikke har fungert tilfredsstillende, og mye frukt/grønt har blitt kastet. Dette kan ha med både holdninger og bygningsmessige/praktiske forhold å gjøre, både fra ansatte og elevers side. FUG vil derfor påpeke at frukt- og grøntordningen ikke bør lovfestes før man er sikker på at det praktiske rundt ordningen (ansvar for fordeling m.m.) fungerer tilfredsstillende.»

Enkelte høringsinstansar kommenterer utforminga av forslaget til lovtekst. Fleire peikar på betydninga av at lovheimelen opnar for nærmare forskrifter om kvaliteten av frukta og grønnsakene elevane får.

*Opplysningskontoret for frukt og grønt* uttaler:

«Vi ser av lovforslaget at det skal utarbeides forskrift til loven. Vi forslår at det i forskriften settes kvalitetskrav til frukt/grønt som leveres skolene. Dette for å sikre en velfungerende ordning hvor forbruket av frukt/grønt på skolene blir etter intensjonen, og en unngår problemer med unødvendig søppel/avfall. Ernæringsrådet er av samme mening og uttaler i tillegg at (...) det bør presiseres at gratis frukt skal serveres alle skoledager. Å få dette tilbudet bare noen skoledager, eller uregelmessig, har ikke samme positive effekt på kostvanene som servering av frukt og grønnsaker alle skoledager. Norges frukt- og grønnsaksgrossister er av samme mening og uttaler at «[d]enne forbrukergruppen er blant de som er mest kritiske til kvaliteten på frisk frukt og friske grønnsaker. Får de ikke en forventet god kvalitet, så blir varen valgt bort.»

Sosial- og helsedirektoratet legg til grunn at det er viktig kva som står i forskriftsheimelen, og uttaler i denne samanheng at det bør presiserast at det blir lovfesta plikt til *dagleg* frukt og grønnsaker, og at forskriftsheimelen bør opne for forskrifter om også *andre forhold* for å sikre at ordninga verker best mogleg. Helse- og omsorgsdepartementet uttaler at det er viktig at forskriftsheimelen konkret blir utvida med tilleggget *innhaldet i plikta* for å sikre at det er heimel for forskrifter om kvaliteten av frukta og grønnsakene som elevane får.

## 8.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Eit fleirtal av dei høringsinstansane som uttaler seg om forslaget, støttar det. Samtidig er det viktig å understreke at alle høringsinstansane, også dei som ikkje støttar å lovfeste plikt for skoleeigarane, legg til grunn at gratis frukt og grønnsaker i skolekvardagen vil ha positiv verknad for barn og unge.

Fleire av dei høringsinstansane som støttar forslaget, uttaler at det ut frå eit kosthaldsperspektiv er viktig å lovfeste plikta til å halde elevane med gratis frukt og grønnsaker, for å byggje opp sunne kosthaldsvanar hos barn og unge. Av enkelte blir det vidare vist til at ordninga vil vere eit viktig tiltak i arbeidet for å førebyggje m.a. kroniske sjukdommar som overvekt og diabetes. Både mellom dei instansane som støttar forslaget og mellom fleire av dei som ikkje gir det støtte, er det mange som uttrykkjer at ei ordning med gratis frukt og grønnsaker vil fremje konsentrasjonen og heve læringsutbyttet. Fleire kommunar viser til at erfaringar frå ordninga slik ho er i dag, stadfestar at ordninga har slike direkte effektar. Av fleire instansar blir det også vist til at forskning underbyggjer denne samanhengen.

Enkelte kommunar og andre instansar viser til at det er viktig at staten følgjer opp løyvinga til ordninga med å lovfeste plikta til å ha ei slik ordning på grunn av at enkelte kommunar i dag ikkje nyttar midlane slik det er føresett i stortingsvedtaket om løyvingar til formålet. Etter departementet si vurdering er det formålstenleg å lovfeste plikt for skoleeigarane til å ha slike gratisordningar for elevane. Omsynet til den lokale handlingsfridommen for skoleeigarane talar imot forslaget. I denne samanheng understrekar departementet at høringsforslaget tek utgangspunkt i at skoleeigarane sjølv skal ha ansvaret for å forme ut ordninga slik at ho harmonerer med lokale forhold og behov, og at dette vil bli følgt opp i arbeidet med dei forskriftene som skal regulere plikta nærmare.

Fleire høringsinstansar støttar forslaget på vilkår av full økonomisk kompensasjon. Departementet viser her til at det i 2008 er løyvd 218 mill. kroner til ordninga med frukt og grønnsaker, dvs. heilårsverknaden av løyvinga for hausten 2007. Økonomiske og administrative konsekvensar er nærmare omtalte under pkt. 9.

Mange høringsinstansar, både mellom dei som støttar og dei som ikkje støttar forslaget, understrekar betydninga av at ordninga blir utvida til å omfatte alle elevar i grunnskolen. Til dette er å seie at den foreslåtte plikta, som vil bli nærmare presisert i

forskrift, i denne omgang vil bli avgrensa til den ordninga som allereie i dag er sett i gang. Dette inneber at ordninga i første omgang berre vil gjelde alle elevar ved ungdomsskolar (8. – 10. årstrinn) og kombinerte skolar (1. – 10. årstrinn). Departementet vurderer det slik at det på bakgrunn av erfaringane frå den korte tida ordninga har vore praktisert, er grunnlag for å lovfeste plikt til å ha dagens ordning, men at ei eventuell utviding av plikta til å omfatte fleire elevar vil krevje ytterlegare vurderingar.

Enkelte av høringsinstansane har kommentert utforminga av lovheimelen for å fastsetje nærmare forskrifter. Departementet er einig i at frukta og grønsakene elevane skal få må ha god kvalitet, men meiner samstundes at det ikkje er føremålstenleg å

forskriftsfeste eit krav til god kvalitet. I staden for ei slik detaljregulering i forskrift legg departementet opp til å sikre god kvalitet på frukta og grønsakene ved å følgje opp lovfestinga av plikta med rettleiing. Etter departementet si vurdering kan det med heimel i lovforslaget fastsetjast at plikta gjeld gratis frukt kvar skoledag.

På denne bakgrunn foreslår departementet at det i opplæringslova og privatskolelova blir lovfesta plikt for skoleeigarane til å halde elevar med gratis frukt og grønsaker. I forskriftsarbeidet i tilknytning til lovforslaget vil plikta bli presisert til å omfatte elevar ved ungdomsskolar (8. – 10. årstrinn) og kombinerte skolar (1. – 10. årstrinn).

Departementet viser elles til lovforslaget og merknadene til føresegna i kapittel 10.

## 9 Økonomiske og administrative konsekvensar av lovforslaga

### *Forslaget om å utvide retten til vidaregåande opplæring for vaksne*

Departementet reknar med at den foreslåtte lovendringa på lengre sikt vil føre til at mellom 800 og 1 000 fleire vaksne enn i dag vil vere i vidaregåande opplæring kvart år. Departementet legg derfor til grunn at lovendringa vil innebere ei meirutgift for fylkeskommunane på om lag 50 mill. kroner per år. Hausteffekten i 2008, dvs. 21 mill. kroner, er lagd inn i rammetilskottet til fylkeskommunane, jf. kap. 572 post 60 på budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet for 2008.

### *Forslaget om endra plassering av føresegna om tilpassa opplæring*

Forslaget er berre ei lovteknisk justering i form av at føresegna om tilpassa opplæring blir flytta frå formålsparagrafen til ei særskild lovføresegn, og har derfor verken økonomiske eller administrative konsekvensar.

### *Forslaget om å innføre rett til særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring*

Etter departementet si vurdering vil forslaget om å innføre ei eiga føresegn om rett til særskild språkopplæring for elevar i vidaregåande opplæring, ikkje leggje nye økonomiske plikter på fylkeskommunen. Elevar i vidaregåande skolar har rett til spesialundervisning dersom dei ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. Retten til spesialundervisning kan innebere rett til særskilt tilrettelagd språkopplæring dersom eleven har behov for det. Kostnadene knytte til høvesvis spesialundervisning og særskild språkopplæring for desse elevane vil etter departementet si vurdering i stor grad vere av same storleik. Ein reduksjon i talet på elevar som får spesialundervisning og ein samtidig auke i talet på elevar som får særskild språkopplæring, vil derfor ikkje utgjere noka endring i kostnadene for kommunane, og tiltaket er derfor ikkje rekna for å ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

### *Forslaget om å utvide mandatet til Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG)*

Departementet ser det ikkje som nødvendig å utvide talet på medlemmer i FUG sjølv om mandatet blir utvida til også å gjelde første året i vidaregåande opplæring. Ved oppnemninga av nye medlemmer i FUG f.o.m. 1. januar 2008 vart det lagt til grunn at det blant medlemmene i FUG skal finnast kompetanse knytt til det første året av vidaregåande opplæring. Departementet meiner at forslaget til utvida mandat for FUG på denne bakgrunn ikkje vil innebere økonomiske eller administrative konsekvensar.

### *Forslaget om å utvide retten til teiknspråkopplæring i grunnskolen*

Etter departementet si vurdering vil forslaget om å gi elevar i grunnskolen som etter sakkunnig vurdering har behov for grunnskoleopplæring i og på teiknspråk, rett til dette, ikkje leggje nye økonomiske plikter på kommunane. Elevar som i dag har behov for teiknspråkleg opplæring, men ikkje har rett til slik opplæring, vil ha rett til slik opplæring som spesialundervisning for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Kostnadene knytte til høvesvis spesialundervisning og opplæring i og på teiknspråk for desse elevane vil etter departementet si vurdering i stor grad ha same storleik. Ein reduksjon i talet på elevar som får spesialundervisning og ein samtidig auke i talet på elevar som får teiknspråkopplæring vil derfor ikkje utgjere noka endring i kostnadene for kommunane, og tiltaket blir derfor ikkje rekna for å ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

### *Forslaget om lovfesting av plikt for skoleeigaren til å gi elevar gratis frukt og grønnsaker*

Forslaget om plikt til å gi elevar gratis frukt og grønnsaker er foreslått lovfesta i opplæringslova og privatskolelova, og presisert nærmare i forskrift. I utrekninga av kostnaden for denne ordninga i 2008 er det lagt til grunn at ordninga skal omfatte alle elevar i skolar med ungdomstrinn, det vil seie både reine ungdomsskolar (8. – 10. trinn) og kombinerte

skolar (1. – 10. trinn). I 2008 er det derfor løyvd til saman 218 mill. kroner til frukt og grønsaker. I underkant av 210 mill. kroner vart lagt inn i rammetilskottet til kommunane, medan resten av midlane er

fordelte til statlege skolar og private grunnskolar godkjende etter privatskolelova. I utrekninga av kostnadene for 2008 er det teke omsyn til at det vil vere administrative kostnader knytte til ordninga.

## 10 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

### 10.1 Endringar i opplæringslova

#### *Til ny overskrift over kapittel 1*

Overskrifta er endra for å få fram at kapittel 1 omfattar blant anna føresegner om formål, verkeområde og tilpassa opplæring.

§ 1-2 noverande femte ledd blir oppheva. Føresegna blir ført vidare i § 1-3.

§ 1-2 noverande sjette ledd blir femte ledd.

#### *Til § 1-3*

Føresegna fører vidare lovføresegna om tilpassa opplæring som i dag er regulert i § 1-2 femte ledd. Flyttinga av føresegna inneber inga realitetsendring. Departementet viser elles til kapittel 3.4.

Noverande § 1-3 blir ny § 1-5.

#### *Til § 2-5 sjuande ledd*

Det er gjort endringar i tilvisinga til vallova.

Endringa har samanheng med at lov 1. mars 1985 nr. 3 om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg (valgloven) er oppheva og erstatta av lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven).

#### *Til § 2-6*

Endringa inneber at elevar i grunnskolen som etter sakkunnig vurdering har eit reelt behov for det, får rett til grunnskoleopplæring i og på teiknspråk. Om ein elev «har behov for slik opplæring» er ei skjønsmessig vurdering, der vurderingstemaet er om eleven har behov for opplæring i og på teiknspråk for å få gjennomført ei forsvarleg grunnskoleopplæring.

Elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk, og som gjer bruk av denne retten, skal følgje læreplanen for norsk for døve og stert tunghørte, læreplanen for norsk teiknspråk, læreplanen for engelsk for døve og sterkt tunghørte og læreplanen for drama og rytmikk for døve og sterkt tunghørte.

Vedtak som tek stilling til rettane ein elev har etter § 2-6 er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta har ansvaret for å utarbeide sakkunnig vurdering etter fjerde leddet i føresegna, jf. opplæringslova § 5-6 andre ledd. Sakkunnige vurderingar etter opplæringslova § 2-6 er ikkje bundne av reglane om sakkunnig vurdering i opplæringslova § 5-3. Dersom den pedagogisk-psykologiske tenesta ikkje sjølv har tilstrekkeleg fagkompetanse, må det utarbeidast sakkunnig vurdering med hjelp utanfrå.

Departementet viser elles til kapittel 7.4.

#### *Til overskrifta i § 3-1*

Endringa presiserer at den retten som blir lovfesta i paragrafen, gjeld ungdom, («ungdomsretten») i motsetning til § 4A-3 som gjeld vaksne («vaksenretten»). Endringa inneber inga realitetsendring.

#### *Til § 3-1 nytt tiande ledd*

Etter forslaget til nytt tiande ledd vil unge med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 etter søknad i staden kunne få rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3. Det er eit vilkår at det ligg føre særlege grunnar. Eksempel på særlege grunnar kan vere alderen til den det gjeld, at vedkommande er i arbeid og derfor har vanskeleg for å gjennomføre opplæring etter opplæringslova § 3-1. Eit sentralt moment i vurderinga av om det ligg føre særlege grunnar, er om søkjaren har behov for eit meir tilpassa opplegg enn det som følgjer av opplæringslova § 3-1.

Departementet understrekar at hovudregelen framleis er at dei unge gjennomfører vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1, medan vaksne tek vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3.

Departementet viser elles til kapittel 2.4.

#### *Til ny § 3-12*

Føresegna er ny og slår fast at minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring med anna morsmål enn norsk eller samisk har rett til særskild

norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Føresegna fastset også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar i tillegg til den særskilde norskopplæringa, men her er det eit vilkår at slik opplæring er nødvendig. Departementet legg til grunn at dette vil gjelde nykomne og andre minoritetslevar som har så dårleg dugleik i norsk at dei ikkje kan følgje undervisning gitt på norsk.

Elevar som har rett til særskild norskopplæring, skal få opplæring etter læreplanen for norsk med tilpassingar eller læreplanen for grunnleggjande norsk for språklege minoritetar.

Særskild norskopplæring og tospråkleg fagopplæring skal tilbydast ved den skolen der eleven går til vanleg. Morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skole enn den skolen eleven går på.

Innanfor dei rammene som er gitt i lova, er det opp til dei enkelte fylkeskommunane og skolane å bestemme korleis dei vil tilby særskild språkopplæring etter føresegna. Målet med både særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring er å sikre minoritetsspråklege elevar så god dugleik i norsk som mogleg. I valet av opplæringsmetode må det takast utgangspunkt i dei behov den enkelte eleven har, tilpassa til dei praktiske føresetnadene som finst i fylkeskommunen.

Elevar med rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova § 3-12 kan også ha rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1. Dette blir ei konkret vurdering som må gjerast i det enkelte tilfellet. På same måten som med spesialundervisning er særskild språkopplæring ein rett men ikkje ei plikt for den enkelte eleven.

Når fylkeskommunen tek stilling til dei rettane ein elev har etter opplæringslova § 3-12, er det eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.

Departementet viser elles til kapittel 5.4.

#### *Til § 4A-3 første ledd*

Endringa i andre punktum inneber at retten til vidaregåande opplæring for vaksne blir utvida og gjeld frå og med det året dei fyller 25 år.

Vedtak som tek stilling til søknad om å få vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3, er enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, og føresegnene i forvaltningslova kap. III – IV gjeld. Søknader blir avgjorde av fylkeskommunen etter konkret vurdering.

Departementet viser elles til kapittel 2.4.

#### *Til ny § 4A-12*

Føresegna presiserer at lovføresegna med prinsippet om tilpassa opplæring gjeld for opplæring etter opplæringslova kapittel 4A. Dette er ei vidareføring av gjeldande rett, og det er ein inkurie at prinsippet i dag ikkje er direkte uttala i kapittel 4A.

Departementet finn grunn til å understreke at kravet om tilpassing av opplæringa til den enkelte i § 4A-1 første ledd ikkje har same innhald som prinsippet om tilpassa opplæring som blir foreslått lovfesta i ny § 4A-12. Kravet om tilpassing i § 4A-1 første ledd siktar til at opplæringstilbodet skal tilpassast livssituasjonen som den enkelte vaksne står i, og ikkje til prinsippet om tilpassa opplæring.

#### *Til § 5-3 første ledd*

Endringa inneber at «§ 5-2» går ut. Dette er ein konsekvens av at § 5-2 vart oppheva ved ei endring i opplæringslova som var sett i kraft 1. august 2002. Ved ein inkurie vart ikkje dette samstundes følgd opp med ei endring i denne paragrafen. Departementet foreslår at dette blir retta.

#### *Til § 5-3 fjerde ledd*

Endringa inneber at «§ 5-2» går ut. Det vises elles til merknadene til § 5-3 første ledd.

#### *Til § 7-1 første ledd*

Endringa inneber at omgrepet klasse er retta til årstrinn. Dette er ein konsekvens av at omgrepa klasse og klassetrinn vart oppheva ved ei endring i opplæringslova som var sett i kraft 1. august 2003. Ved ein inkurie vart ikkje dette samstundes følgd opp med ei endring i denne paragrafen. Departementet foreslår at dette blir retta.

#### *Til § 11-9*

Overskrifta er endra i samsvar med innhaldet.

Endringa av lovteksten gir lovheimel for at FUG kan ha oppgåver også innanfor første året i vidaregåande opplæring, ikkje berre grunnskolesektoren som hittil. Endringa i forskriftsheimelen vil bli følgd opp av departementet med nødvendig endring i forskrifta til opplæringslova kapittel 20, slik at mandatet for FUG blir utvida til å omfatte det første året i vidaregåande opplæring.

Departementet viser elles til kapittel 6.4.

*Til ny § 13-5*

Føresegna er ny og lovfestar plikt for offentlege skoleeigarar til å gi elevane gratis frukt og grønnsaker. Plikta vil bli vidare regulert i forskrift til opplæringslova.

*Til § 16-2 tredje ledd*

Endringa inneber at omgrepet klasse er endra til årstrinn. Det vises elles til merknaden til § 7-1 første ledd.

## 10.2 Endringar i privatskolelova

---

*Til § 3-5*

Endringa inneber at retten til særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar også gjeld elevar i vidaregåande opplæring. Departementet viser elles til merknader til opplæringslova § 3-12 og til vurderingane frå departementet under kapittel 5.4.

*Til § 7-1c*

Føresegna er ny og lovfestar plikt for private grunnskolar med rett til statstilskott til å gi elevane gratis frukt og grønnsaker. Plikta vil bli vidare regulert i forskrift til privatskolelova. Departementet viser elles til kapittel 8.4.

*Merknad til romertall III om iverksetting*

Departementet tek sikte på at lovendringane trer i kraft 1. august 2008, unnateke forslaget om utviding av mandatet for Foreldreutvalet for grunnskolen. Denne lovendringa tek departementet sikte på at skal tre i kraft 1. januar 2009.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om endringer i opplæringslova og privatskolelova

### I

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort følgjande endringar:

Kapittel 1 overskrifta skal lyde:

**Kapittel 1 Formål, verkeområde og tilpassa opplæring m.m.**

Noverande § 1-2 femte ledd blir oppheva.

Noverande § 1-2 sjette ledd blir femte ledd.

§ 1-3 skal lyde:

§ 1-3 *Tilpassa opplæring*

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lærekanidaten.

Noverande § 1-3 blir ny § 1-5.

§ 2-5 sjuande ledd skal lyde:

I samband med skifte av hovudmål eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre krev det, skal det haldast rådgevande røysting. Røysterett har alle som bur i det området i kommunen som soknar til skolen, jf. § 8-1, og som har røysterett etter *valgloven § 2-2*. Røysterett i høve til skriftleg opplæring har dessutan foreldre eller forsytar til barn på barnesteget ved skolen, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

§ 2-6 første ledd skal lyde:

Elevar som har teiknspråk som førstespråk eller som etter sakkunnig vurdering har behov for slik opplæring, har rett til grunnskoleopplæring i og på teiknspråk. Omfanget av opplæringa i tid og innhaldet i opplæringa fastsetjast i forskrifter etter § 2-2 og § 2-3 i denne lova.

§ 3-1 overskrifta skal lyde:

§ 3-1 Rett til vidaregåande opplæring for ungdom

§ 3-1 nytt tiande ledd skal lyde:

*Ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter paragrafen her kan, etter søknad og når det ligg føre særlege grunnar, i staden få vidaregåande opplæring etter § 4A-3.*

Ny § 3-12 skal lyde:

§ 3-12 *Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar*

*Elevar i vidaregåande opplæring med anna morsmål enn norsk eller samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.*

*Morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skole enn den eleven til vanleg går på.*

*Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal fylkeskommunen så langt som mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevene.*

§ 4A-3 første ledd skal lyde:

Vaksne som har fullført grunnskolen eller tilsvarende, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Første punktum gjeld vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæringa for vaksne skal tilpassast behovet til den enkelte. Retten kan oppfyllast mellom anna ved fjernundervisningstilbod. Departementet gir nærmare forskrifter, mellom anna om kven retten omfattar, om inntak, rangering og førerett.

Ny § 4A-12 skal lyde:

§ 4A-12 *Tilpassa opplæring*

*§ 1-3 gjeld tilsvarande for opplæring etter dette kapitlet.*

§ 5-3 første ledd skal lyde:

Før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 eller vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7, skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege be-

hova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast.

§ 5-3 fjerde ledd skal lyde:

Dersom vedtaket frå kommunen eller fylkeskommunen avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngevinga for vedtaket blant anna vise kvi- for kommunen eller fylkeskommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten etter § 5-1 eller § 5-7.

§ 7-1 første ledd skal lyde:

Elevar i 2. – 10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

§ 11-9 skal lyde:

§ 11-9 Foreldreutvalet for grunnopplæringa

Kongen i statsråd nemner opp Foreldreutvalet for grunnopplæringa. Utvalet skal ha lei- ar, nestleiar og fem andre medlemmer. Funksjonstida er fire år. Departementet gir nærmare forskrifter om omfanget av innhaldet i arbeidet til Foreldreutvalet.

Ny § 13-5 skal lyde:

§ 13-5 Plikt for skoleeigaren til å ha ei ordning med gratis frukt og grønnsaker

Skoleeigaren skal gi elevane gratis frukt og grøn- saker. Departementet kan gi nærmare forskrifter om ansvaret for ordninga og omfanget av plikta.

§ 16-2 tredje ledd skal lyde:

Retten og plikta til tiårig grunnskole etter § 2-1 gjeld barn som er fødte i 1991 og seinare. Andre barn og unge har rett og plikt til niårig grunnskole, men rykkjer opp eitt årstrinn, slik at dei avsluttar grunnskolen i 10. årstrinn.

## II

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot blir det gjort følgjande endringar:

§ 3-5 skal lyde:

§ 3-5 Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar

Elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Heimkommunen eller heimfylket til eleven gjer vedtak og dekkjer utgiftene til slik opplæring. Departementet er klageinstans.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skole enn den eleven til vanleg går ved.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen eller fylkeskommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Føresegna gjeld ikkje for elevar ved norske skolar i utlandet.

Ny § 7-1c skal lyde:

§ 7-1c Plikt for skolen til å ha ei ordning med gratis frukt og grønnsaker

Skolen skal gi elevane gratis frukt og grønnsaker. Departementet kan gi nærmare forskrifter om ansvaret for ordninga og omfanget av plikta.

## III

Lova gjeld frå det tidspunkt Kongen fastset. Dei enkelte føresegnene i lova kan setjast i verk til ulik tid.